Kapittel 5 Teoretisk og metodisk rammeverk

5.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentere det teoretiske og metodiske rammeverket som blir brukt i denne avhandlinga. Ikkje alle dei teoretiske innfallsvinklane vil bli operasjonaliserte direkte, men vil fungere meir som underliggjande forståings- og fortolkingsrammer. Eg vil første seie litt generelt om bruken av teoriar innafor sosiolingvistikken, for deretter å sjå nærare på nokre makro- og mikrososiologiske teoriar som kan kaste lys over studiet av språkleg variasjon og endring. Omgrepa *identitet* og *tilhørsle* vil stå særleg sentralt i denne teoretiske drøftinga. Etter ei kort metodisk drøfting vil eg så presentere dei metodiske innfallsvinklane eg har valt i ulike delar av avhandlinga.

5.1 Sosiolingvistisk teori

Til dags dato finst det ingen heilskapleg sosiolingvistisk teori som prøver å gjere greie for forholdet mellom språk og samfunn, og som prøver å bringe saman dei ulike funna og tilnærmingsmåtane som er gjorde innafor ulike delar av sosiolingvistikken. Jack Chambers si bok frå 1995, som ber tittelen *Sociolinguistic Theory,* avgrensar seg t.d. til å syntetisere og forklare dei funna som er gjorde innafor *ei* grein av sosiolingvistikken, nemleg variasjons-lingvistikken. Den labovske variasjonslingvistikken blir i Chambers si bok sett på som kjerneområdet for sosiolingvistisk forsking, medan andre sosiolingvistiske tema som språk- og dialektkontakt, fleirspråklegheit og språkplanlegging blir vurderte som meir marginale. Dette er ein iaugefallande, men symptomatisk posisjon som paradoksalt nok prøver å ekskludere så mykje som mogleg av det "sosiale" frå sosiolingvistikkens domene. Ei slik utelating eller fortrenging av sosio-delen av sosiolingvistikken, til fordel for lingvistikk-delen, er slett ikkje einestående, men er tvert om ein temmeleg typisk tendens innafor store delar av sosiolingvistikken. Ifølgje Deborah Cameron (1990:83f) heng denne lingvistiske dreiinga saman med meir overordna vitskapspolitiske trendar:

> Many sociolinguists would like to lay claim to the sorts of prestige mainstream linguistics has achieved over the last twenty-five years; conversely, they would like to distance themselves from the more dubious reputation of contemporary sociology. Academic prestige is dependent on various factors, but one of them is *scientific status*: a prestigious discipline will tend to possess qualities associated with science (however erroneously) such as theoretical and methodological rigour, 'objectivity', abstraction and so on. One achievement of the so-called Chomskyan revolution has been to appropriate this sort of status for linguistics more successfully than previous or alternative paradigms. Little wonder, then, that sociolinguistics would concentrate on the 'linguistics' to the virtual exclusion of the 'socio'.

Forsøket på ei slik (natur-)vitskapleggjering av lingvistikken, inkludert sosiolingvistikken, heng som fleire forskarar har peikt på, saman med det allmenne legitimeringsbehovet human- og samfunnsvitskapane har stått overfor i ei (forskings-)verd som set likskapsteikn mellom vitskap på den eine sida og naturvitskap på den andre (jf. t.d. Lass 1980, Newmeyer 1986). Positivismestriden på 1960- og -70-talet i Noreg forsøkte som kjent å ta eit oppgjer med den sterke positivistiske orienteringa innafor human- og samfunnsvitskapane (jf. t.d. Slagstad 1980). Det faktum at sosiolingvistikken framleis strir med eit legitimeringsbehov, tydeleggjer det poenget at positivistane "tapte striden", men "vann freden". Arven frå opplysingstida er framleis med oss og er med på å prege samfunnet, forskarsamfunnet og dei enkelte faga sitt syn på *kva* som er vitskapleg og *korleis* ein best er vitskapleg.

Cameron (1990) diskuterer forholdet mellom språkendringar på den eine sida og samfunnsendringar på den andre, og stiller spørsmålet om kva for teoriar om språk og samfunn som ligg til grunn for forskinga på dette området. Med referanse hovudsakleg til den labovske sosiolingvistikken hevdar ho at forskinga kring variasjon og endring har basert seg på ein naiv og simplistisk samfunnsmodell, som i korte drag går ut på at "språk reflekterer samfunnet". Denne modellen impliserer at dei sosiale strukturane eksisterer i forkant og dermed uavhengig av språket, og at språket dermed berre reflekterer eller uttrykkjer dei meir fundamentale sosiale kategoriane. Modellen tilslører på den måten det faktum at språkendring er ei sosial endring i seg sjølv, eller som Cameron (1990:90) seier det:

> [...] a change in linguistic practice is not just a reflection of some more fundamental social change: it is, itself, a social change. [...] it changes the repertoire of social meanings and choices available to social actors

Endringar i språket fører altså til endringar i det sosiale meiningsrepertoaret som til ei kvar tid er tilgjengeleg for språklege aktørar, og innskrenkar eller utvidar dermed dei potensielle valmoglegheitene språkbrukarar står overfor. Ei anna innvending mot "språk reflekterer samfunnet"-modellen er dessutan at den baserer seg på eit "organisk" språksyn, dvs. eit syn

som går ut på at språk er ein organisme som lever sitt eige liv uavhengig av sosiale, politiske eller historiske forhold ("the organic fallacy", Cameron op.cit.:89).

Innafor tradisjonell sosiolingvistikk blir omgrep som norm, identitet osb. og sosiologiske kategoriar som klasse, etnisitet og kjønn nytta som *utgangspunkt*, sjølv om desse kategoriane i seg sjølv treng problematisering og forklaring. Dei ulike sosiale kategoriane, som altså blir tekne for gitt, blir som kjent korrelerte med språklege data. Desse samvariasjonane uttrykkjer sosiolingvistiske mønster som nærmast har fått status som forklaringar, sjølv om det einaste dei de facto gjer, er å syne nettopp samvariasjon mellom språklege og sosiale data. Denne "statushevinga" av korrelasjonar frå det beskrivande til det forklarande nivået har sitt utgangspunkt i oppfatninga om at "språket reflekterer samfunnet", og er etter Cameron ei fatal feilslutning ("the correlational fallacy", Cameron op.cit.:85). Cameron er ikkje åleine om å peike på dette. Suzanne Romaine (1986:37) seier til dømes: "[…] the observed correlations between language and group membership tell us nothing unless fitted into some more general theory". Lingvistisk variasjon og endring kan ikkje skildrast på ein fornuftig måte utan referanse til dei sosiokulturelle *rammene* for denne variasjonen og desse endringane. Dersom sosiolingvistikken skal avansere frå å vere ein reint deskriptiv disiplin til også å kunne forklare og forstå dei fenomena den studerer, treng den openbert å kople meir direkte det lingvistiske til det sosiale. Utan ei klårgjering av forholdet mellom desse to sfærane, i tillegg til ein tilfredsstillande samfunnsteori, er sosiolingvistikken dømd til å ende i eit forklaringsmessig tomrom. Det neste spørsmålet blir så korleis ein slik meir generell sosiolingvistisk teori, som tek sosio-delen alvorleg, skal sjå ut. Den må t.d. ta opp spørsmål som forholdet mellom språk(endring) og identitet, korleis individ relaterer seg til grupper og deira normer, korleis produksjon og reproduksjon av lingvistiske normer går føre seg, kva for krav det moderne samfunnet set til individets språklege og sosiale repertoar, og den må ta opp spørsmål om rasjonalitet, intensjonalitet og funksjon. Det betyr at ein må trekkje inn både mikro- og makrososiologiske perspektiv i tillegg til individual- og sosialpsykologiske forhold. Sosiale aktørar er ikkje heilt frie aktørar, men dei er heller ikkje sosiolingvistiske automatar. Derfor er det viktig *både* å få tak på dei psykologiske forholda som er med på å styre individets val, og dei meir overordna samfunnsstrukturelle forholda som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala. Val av språkleg tilpassing, variasjon og endring skjer nettopp i dialektikken mellom individet og kollektivet, mellom det individuelle og det samfunnsstrukturelle.

No må det med rette likevel seiast at delar av sosiolingvistikken, dersom vi definerer den noko breiare enn det Cameron gjer, absolutt har vore oppteken av sosialpsykologiske og mikrososiologiske teoriar for å forklare språkleg variasjon og endring (jf. t.d. Coupland 1988, Giles & Coupland 1991, Gumperz 1982, Le Page & Tabouret-Keller 1985, Rampton 1995).[41] Men det er først dei seinare åra ein har sett forsøk på å plassere variasjon og endring innafor rammene til ein meir heilskapleg sosiologisk samfunnsteori (jf t.d. Akselberg 1995, Eckert 2000, Mesthrie m.fl. 2000). Det er interessant å observere at både Eckert og Mesthrie m.fl. framhevar sosiolingvistikkens behov for ein meir heilskapleg teori om samfunnet, og at begge løftar fram Bourdieus kritiske sosiologi som ein farbar veg. Mesthrie m.fl. (2000:342) seier til dømes: "Although he [Bourdieu] is not a linguist, his interest in politics, culture, education and language offers a base that a unified sociolinguistic theory could be built on".

I denne avhandlinga er det først og fremst dei makrososiologiske teoriane til sosiologar som Anthony Giddens og Pierre Bourdieu som vil stå i sentrum. Der Giddens og andre modernitetssosiologar er opptekne av korleis det moderne livet fristiller oss frå tradisjonelle rammer, er Bourdieu oppteken av korleis ulike sosiale og samfunnsstrukturelle rammer framleis er med på å setje grenser for våre val og våre liv. I tillegg til desse meir overordna sosiologiske samfunnsteoriane vil eg også trekkje inn individual- og sosialpsykologiske teoriar og på den måten prøve å integrere både makro- og mikrososiologiske perspektiv. I den samanheng vil omgrepet *identitet* stå særleg sentralt. I det følgjande vil eg presentere ulike samfunnsmessige og psykologiske teoriar som kan medverke til å *forklare* og gi ei djupare *forståing* av språkleg variasjon og endring. Det å forklare og forstå er i denne samanhengen meint i humanvitskapleg og ikkje i naturvitskapleg forstand. Det vil seie at det eg er på jakt etter, er ulike former for intensjonal- eller føremålsforklaringar og ikkje årsaks- eller kausalforklaringar.[42]

---

[41] Cameron meiner at sosiolingvistikk i praksis oftast blir definert som variasjonslingvistikk (jf. Chambers 1995 si handsaming av termen). Det er likevel også svært vanleg å definere sosiolingvistikk langt vidare (jf. t.d. Figueroa 1994 som inkluderer alt frå språkpolitikk, språkplanlegging og variasjonsstudiar til diskursanalyse, konversasjonsanalyse og pragmatikk innafor sosiolingvistikken).

[42] Forholdet mellom beskriving, forklaring og forståing er eit svært omfattande og grunnleggjande vitskaps-filosofisk tema, som eg ikkje vil gå nærare inn på her. For diskusjon av forholdet mellom beskriving, forklaring og forståing i språkvitskapen generelt og i høve til språkendring spesielt sjå t.d. Dyvik (1992), Faarlund (1987), Lass (1980), McMahon (1994), Mæhlum (1999), Newmeyer (1986).

5.2 Fristilling og struktur i seinmoderniteten

5.2.1 Modernitet, globalisering og det posttradisjonelle samfunnet

Ein av dei som har skrive tydelegast om modernitetens verknader for samfunnet og enkeltindividet og om dei nye identitetsdilemmaa, er sosiologen Anthony Giddens.[43] Han skildrar ikkje samfunnet vårt som *postmoderne*, men som *posttradisjonelt* (jf. Eriksen 2004:123). Med dette meiner han at tradisjonen ikkje lenger gir seg av seg sjølv, men er noko som må veljast bevisst og forsvarast aktivt. Ifølgje Giddens (1991, 1996, 2002) er noko av det mest karakteristiske for moderne sosialt liv i det såkalla posttradisjonelle samfunnet at det er *dynamisk* på ein radikalt annan måte enn det som var tilfellet i det premoderne samfunnet. Giddens trekkjer fram tre hovudelement som kan forklare dette dynamiske karaktertrekket ved moderne sosialt liv: 1) åtskiljing av tid og rom 2) frikopling av sosiale institusjonar og tradisjonar[44] 3) institusjonell refleksivitet (konstant revisjon på bakgrunn av ny informasjon eller viten). I premoderne samanhengar var tid og rom forbunde med kvarandre gjennom den sosiale og geografiske plasseringa til *staden*. Lausrivinga av tid og rom inneber først og fremst utviklinga av ein "tom" dimensjon av tida som trekkjer romet vekk frå staden (jf. meir om omgrepet stad under pkt. 5.4.1 nedafor). Frikoplingsmekanismane fristiller ulike menneskelege relasjonar frå bindinga til spesifikke lokalitetar, og rekombinerer desse på tvers av store avstandar i tid og rom. Den svenske sosialantropologen Ulf Hannerz (1996:18) illustrerer delar av dette poenget når han seier at: "[...] people just about anywhere can turn out to have personal experiences and relationships linking them to places in other countries and on other continents". Den påståtte frikoplinga frå lokalitetar har likevel møtt mange

[43] I denne framstillinga vil eg i stor grad basere meg på Giddens si tenking rundt modernitet og modernitetens tyding for menneskets livsvilkår og sjølvidentitet. Men andre sentrale modernitetstenkjarar som bl.a. Zygmunt Bauman, Ulrich Beck, Ulf Hannerz, Thomas Luckmann, Alfred Schütz og Thomas Ziehe vil implisitt eller eksplisitt også bli trekte inn. Giddens (1991, 1996) bruker omgrepet modernitet i ei svært generell tyding. Det refererer til dei institusjonane og åtferdsformene som vart etablerte i det postfeudale Europa. Modernitet kan slik sett forståast som nokolunde einstydande med den industrialiserte, kapitalistiske verda. Moderniteten skaper særlege sosiale former, der nasjonalstaten er den mest framtredande. Det *seinmoderne* er i Giddens sin bruk av omgrepet synonymt med det *postmoderne*. Ifølgje Giddens er det postmoderne i denne samanhengen ei forlenging av det moderne. Eg vil følgje denne forståinga og vil ikkje gå nærare inn på forholdet mellom det moderne og det postmoderne, då det vil føre for langt her.

[44] Giddens (1991) nyttar omgrepet *disembedding*. Det ikkje finst noko heildekkjande og godt uttrykk for dette på norsk. Den danske omsettinga (1996) nyttar omgrepet *udlejring*, som ikkje er eit særleg godt norsk ord. Eg vil derfor bruke omgrepet *frikopling*. Omgrepet skildrar den prosessen der sosiale relasjonar blir løfta ut av eller lausrivne frå lokale og bundne samanhengar, og i staden blir rekonstruerte på tvers av tid og rom.

motførestillingar, noko eg vil kome attende til seinare (jf. pkt. 5.2.3). Transformasjonen av tid og rom, saman med frikoplingsmekanismane, fører ifølgje Giddens det sosiale livet ut av det grepet som tidlegare retningsliner og praksisar hadde. Det er i denne samanhengen han meiner ein må forstå den gjennomgripande *refleksiviteten* som er ein vesentleg faktor ved moderne institusjonar. Moderne system reflekterer rundt og reviderer kontinuerlig sin eigen praksis på bakgrunn av ny kunnskap.

Eit av dei viktigaste kjenneteikna ved moderniteten er den *globaliserande* tendensen moderniteten fører med seg, og som igjen heng saman med reorganiseringa av tid og rom, frikoplingsmekanismane og den institusjonelle refleksiviteten. Globalisering er likevel ikkje noko nytt fenomen, men det store omfanget og intensiteten i globaliseringa er typisk for vår tid. Globalisering kan sjølvsagt opptre i mange ulike former, og er notorisk ujamt fordelt. Paradoksalt nok fører globaliseringa av økonomi og kultur med seg ei homogenisering av det globale på den eine sida og ei heterogenisering av det lokale på den andre (jf. Dencik 1998). På det globale planet opplever ein at "alt blir meir likt". Folk et den same maten, er opptekne av dei same tv-seriane og uroar seg over den same forureiningsproblematikken. Samtidig skjer det ei tilsynelatande heterogenisering eller pluralisering på det lokale planet, ved at "alt" frå heile verda finst lokalt. Ein kan få kjøpt spesialitetar frå andre land og kontinent, og ein støyter på folk frå andre verdsdelar på den lokale butikken.

Pluralisering av livsformene inneber at fleire ulike levesett og livsstilar er til stades i våre eigne livsmiljø – fleire religionar, språk og familiemønster. Menneske sameksisterer i stadig større grad på tvers av kulturelle opphav, og stadig fleire folk får fleire og ulike sosiale tilhørsleforhold. Deltaking på fleire arenaer inneber høgare krav til å rå over ulike register – språklege som sosiale. Frå å ha hatt mange ulike slags kontaktflater med kvarandre (i milroyske termar tette og multiplekse nettverk, sjå pkt. 5.3.2.2), lever det postmoderne mennesket med stadig meir partielle solidaritetsflater (opne og uniplekse nettverk). Dette gjeld både by og land. Ifølgje modernitetsteoretikarar er ikkje samhøyrigheita lenger kva den var, og den er i alle fall ikkje, som tidlegare, i like sterk grad forankra i det lokale. Yrke og utdanning tyder kan hende meir enn lokalitet. Snarare enn geografi er det menneskets *biografi* som utgjer det sosiale kittet og den solidaritetsskapande krafta mellom menneske, meiner somme (jf. Fossåskaret 1998). Men det betyr likevel ikkje nødvendigvis at det lokale har slutta å vere viktig for folk. Mange vil hevde, inkludert Giddens og andre modernitetssosiologar, at

lokalitetar framleis er viktig for den enkeltes identitetsdanning (jf. t.d. Giddens 1991, Hannerz 1996, jf. også vidare diskusjon under pkt. 5.4.3 nedafor).

Globale kulturuttrykk blir vel å merke ikkje nødvendigvis adopterte i si opphavlege form, men blir silte gjennom lokale filter og får dermed eit lokalt særpreg. Ulike transnasjonale uttrykk kan på den måten bli svært ulike lokalt, sjølv om inspirasjonskjelda er den same. Dette fenomenet blir gjerne kalla for *glokalisering* (jf. t.d. Robertsson 1995).[45] Døme på glokalisering finn vi t.d. i moderne musikkformer som hip-hop og rap. Utgangspunktet for denne musikken er urban, svart, amerikansk ungdomskultur. Her syng ein om outsider-erfaringar og marginalisering, og ein syng om spesifikke lokalitetar – om bydelar, gatehjørne og kumlokk. Då desse musikkformene først vart plukka opp av norske utøvarar, song ein gjerne på engelsk og kopierte meir eller mindre det amerikanske opphavet. Etter kvart ser ein likevel at fleire og fleire grupper går over til å synge på norsk (rett nok med mykje kodeveksling til engelsk), dei får norske namn og dei syng om lokale erfaringar og om lokale plassar. Sjølv om referanseramma er global, er utøvarane opptekne av lokal tilhørsle og lokal identitet. Det er altså ikkje rein imitasjon det er snakk om, men ei kulturell hybridisering via lokal fortolking og lokal tilpassing av det globale. På denne måten kan ein seie at vi får ei revitalisering av lokal kultur gjennom globale impulsar. Banda "Dørti Oppland" (Lillehammer), "Side Brok" (Ørsta), "Tungtvann" (Bodø) og "Gatas parlament" (Oslo) er gode eksempel på norske utøvarar som tilpassar hip-hop og rap til ein lokal kontekst og som ikkje berre syng på dialekt, men også marknadsfører seg med at dei gjer det. Prosessen med lokal siling, appropriering og hybridisering av globale uttrykk kan også overførast til det nasjonale planet og til den lokale silinga av nasjonale kulturuttrykk. Det gjeld ikkje minst den lokale silinga av regionale eller standardspråklege former ved framveksten av kompromissformer (jf. kap. 3, pkt. 3.2.2).

Samtidig med at moderniseringsprosessen fører med seg auka globalisering, kan ein også sjå ein motsett tendens; nemleg ei de-globalisering. Dette skjer både som resultat av ei aktiv, medviten anti-globalisering, og fordi enkelte område ikkje har dei nødvendige ressursane til å henge med i globaliseringsprosessen. Etter det Giddens (1996:34) seier, må

[45] Termen glokalisering er henta frå den japanske uttrykket *dochakuka* og dukka først opp i japansk business-praksis. Her refererer termen til sal eller marknadsføring av produkt for særskilde marknader. Hovudideen bak konseptet er å promovere eit produkt både som ei standardisert merkevare og som eit lokalt marknadstilpassa produkt.

globalisering forståast som eit dialektisk fenomen der "[...] begivenheder ved den ene pol af en udstrakt relation ofte skaber divergerende eller endog modsatrettede tendenser ved den anden pol. *Dialektikken mellem det lokale og det globale* er grundlæggende pointe". Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen (1997) diskuterer ulike strategiar for å motsetje seg den moderne verdas globaliserande tendensar. Han peikar også på at det paradoksalt nok, parallelt med den auka globaliseringa og homogeniseringa av kulturar, ser ut til å vere ein motsett tendens ved ei kulturell eller etnisk *revitalisering* av lokale tradisjonar og verdiar. Denne revitaliseringa av kulturar, tradisjonar, riter eller språk er likevel grunnleggjande forskjellig frå det den søkjer å etterlikne: "The difference between traditional society and *traditionalist* movements which seek their roots in traditional society is of great importance" (Eriksen 1997:31). *Tradisjonalisme* er i seg sjølv eit moderne fenomen. Regionar og lokalitetar sin renessanse er på same måte eit moderne fenomen. Auer & Hinskens (1997) peiker på eit liknande poeng når det gjeld den forsøksvise revitaliseringa av minoritetsspråk og dialektar i dagens Europa:

> Since the 1970's, there have been attempts to 'revive' dialects as means of displaying regional affiliations and identities. [...] It remains to be seen whether the aim of revitalising the dialects will in fact be attained on the level of the traditional dialects, or if the revivalists' attempts will merely lead to an increase in the use of intermediate forms and varieties. There are reasons to suspect that, at least in Central and North-western Europe, the highly acclaimed 'dialect renaissance' is mainly a matter of attitudes and intentions, and that it affects those social groups who would not normally use the traditional dialects, rather than the habitual dialect speakers. (Auer & Hinskens 1997:5).

Sosiolingvistar har først ganske nyleg byrja å interessere seg for og diskutere kva for implikasjonar globaliseringa har for språk og språkbruk (jf. Cameron 2001:3). Den kanadiske sosiolingvisten Monica Heller (1999:336) foreslår at globalisering kan ha tre svært generelle konsekvensar for språk:

1. the commodification of language;
2. pressures towards standardization for international communication; and
3. the opposite, the valuing of local characteristics in order to legitimate local control over local markets, and in order to attach a value of distinction to linguistic commodities in world markets of culture and tourism.

Slik Heller påpeiker, har språk i sterkare grad vorte ei vare med ein marknadspris som det blir handla med i ulike marknader. Det mest slåande dømet er truleg engelsk. Det å lære bort

engelsk har vorte ein "multimillion business" i mange land, sidan engelsk er ei viktig og høgt ønska vare i mange samanhengar. Vara treng vel å merke ikkje å vere eit enkelt språk, men kan også vere det å kunne meir enn eitt språk eller det å kunne eit spesialregister eller ein særskild lokal dialekt (jf. Johnstone 1999a, som viser at bruk av sørstatsaksent kan auke telefonsalet ved såkalla call-senter). Bruk av lokale dialektar som vare i t.d. turistsiktemål vil bli diskutert nærare under pkt. 5.4.1 nedafor.

5.2.2 Modernitet og tradisjon

Modernitet står nærmast per definisjon i opposisjon til *tradisjon*.[46] Giddens (1994:91) går så langt som å seie at "modernity destroys tradition". Sjølv om tradisjonar alltid vil vere i endring, er det noko ved sjølv omgrepet tradisjon som presupponerer noko uthaldande og langvarig. I den refleksive seinmoderniteten (jf. Beck 1994), eller det Giddens kallar for det posttradisjonelle samfunnet, har likevel tradisjonen fått ein ny karakter. Ein av dei vaksne informantane på Røros, Gunn, tematiserer og problematiserer den moderne tradisjons-bevaringa og det nye ved tradisjonen på ein svært illustrerande måte:

> Gunn: (...) du vil ha det som det har vøre før men så er det som je sei at det er en del nye som kjæm hit og som tye det er sjarm med det herre her itt sant med å ha det som det var før og og leva opp til gammalt og og slik men tye je er kunstig da sjø = for det at je har vøre vant-- oppvoksen ti ei tid der je har sett det 'naturlige ti alt itt sant og =e= (...) det er vel og bra at mye tå dæm kjæm og te vare på og fortsætt slik at det itt dør ut for det er ein god del som som-- det det tye je men men det blir litt kunstig for meg å begynne på att med noe som har vøre fra før (...) mange tå dæm derre =e= innflyttaran dæm vil vil ta opp att og ha det som det var før og så og da eller eller ja prøve å få til =e= å leva og vårrå og bo og slik som det var før men åt meg er det kjøle kunstig at dæm gjer det for da er det så om att å begynne med noe nytt = og da det er =e= avbrekk det er =e= for helst for meg har vøre før det slik det som det har vøre før sånn sammenhenge- sammenhengende med ti 'familien men det er klart det kan itt vente men je tyer det er kjøle artutt når det er det

Gunn er svært oppteken av å ta vare på tradisjonar og "hølle det gamalt", men ho er òg, slik det går fram av sitatet ovafor, oppteken av *kven* som "bør" forvalte tradisjonen. Ho tykkjer at det blir kunstig å skulle ta opp att tradisjonar som har gått ut av bruk – i alle fall dersom det er

[46] Omgrepet *tradisjon* har sine lingvistiske røter i den latinske termen *tradere,* som betyr å overlevere eller gi noko til andre for trygg oppbevaring. Tradere kjem av *trans* "over" og *dare* "gi" og blei opphavleg brukt i romerske lovtekster, der det refererte til lover for arv. Overlevering av eigedomar frå ein generasjon til ein annan var basert på tillit. Den som arva hadde plikt til å forsvare og dyrke eigedomen. Slik Giddens (1994:64) bruker omgrepet, er tradisjon knytt til det kollektive minnet og involverer ulike ritual. Tradisjonen har gjerne eit moralsk og emosjonelt innhald, den er knytt til omgrep som sanning og autentisitet og ikkje minst; den har vaktarar.

folk som *ikkje* er frå Røros som skal vekke liv i dei. Det å legge seg til eit gamaldags levesett med hest og slede, bake i vedomn og bruke bark i brødet, som er nokre av dei tinga ho nemner tidlegare i samtalen, inneber ifølgje Gunn ei romantisering av fortida som ho ikkje set særleg pris på. Gunn meiner at det bør vere *kontinuitet* i tradisjonane, og ser helst at tradisjonar er noko som følgjer familien og som blir overlevert frå ein generasjon til den neste i ei samanhengande rekkje. Samtidig seier ho at det er bra at *nokon* tek vare på tradisjonane slik at dei ikkje døyr ut. Men når innflyttarar hentar opp att og prøver å revitalisere tradisjonar, blir dette gjort som ei bevisst handling og ikkje som noko som er sjølvsagt for dei å gjere. Dei følgjer ikkje tradisjonen fordi det er det som er *naturleg* for dei, men fordi dei har *valt* det. Dermed blir tradisjonsbevaring eit bevisst prosjekt, og det synes Gunn blir kunstig.

Kulturell eller etnisk revitalisering av lokale tradisjonar og verdiar kan som nemnt tolkast som ein strategi for å motsetje seg den moderne verdas globaliserande og nivellerande tendensar. Resultatet av denne revitaliseringa er likevel grunnleggjande forskjellig frå det den freistar å etterlikne – og det er vel nettopp derfor Gunn reagerer som ho gjer. Forskjellen mellom det tradisjonelle samfunnet på den eine sida, og tradisjonalistrørsler som søkjer sine røter i det tradisjonelle samfunnet på den andre, er svært vesentleg. Det tapet av "uskuld" som moderniteten fører med seg, er irreversibel, meiner mange (jf. Giddens 2002:39f, Eriksen 1997:31). I dette biletet blir det å ta vare på tradisjonar, språklege eller andre, nærmast av nødvendigheit eit utslag av meir eller mindre bevisste val, og ikkje noko som skjer ved ubevisst tradering. Det er altså bl.a. dette Giddens og andre viser til når dei hevdar at vi i dag lever i eit posttradisjonelt samfunn. Interesse, bevissheit og vilje er heilt nødvendig i dag for å kunne bevare tradisjonelle dialekttrekk. Tradering er korkje sjølvsagt eller automatisk. For at ungdomen skal ta vare på t.d. den lokale dialekten, må dei få interesse for det og gjere bevisste val, for dei homogeniserande kreftene som verkar i den motsette leia, er svært sterke.

5.2.3 Livsstil og livsplanar

Ein viktig konsekvens av moderniseringsprosessens frikopling av ulike sosiale relasjonar er ifølgje den såkalla "meg-sjølv-som-projekt-sosiologien" at det skjer ei *individuering* av menneska sine livsvilkår. Enkeltindividet er ikkje lenger så determinert av dei sosiale vilkåra han eller ho blir fødd inn i. Om ein er kvinne eller mann, rørosing eller osloensar, overklasse eller arbeiderklasse, er i mindre grad bestemmande for korleis livet til individet kjem til å arte seg. Moderniseringsprosessen har på dette viset frikopla menneska frå medfødde sosiale band. I staden er menneska meir enn før sjølve ansvarlege for å velje livsveg og realisere sine livspotensiale. Moderniseringa og postmoderniseringa har etter det Giddens (1991, 1996) seier, gjort individa til "prosjektleiarar over eige liv". Dette inneber i neste omgang at dei klassiske sosiale kategoriane som delar av sosiologien og ikkje minst sosiolingvistikken likar å dele folk inn i, kanskje ikkje er like relevante i det postmoderne samfunnet. Dette er eit syn ein sosiolog som Bourdieu (t.d. 1977, 1991, 1995) ikkje vil vere umiddelbart samd i. Som vi vil kome attende til om litt, er Bourdieu meir oppteken av korleis ulike band framleis er med på å styre våre livsval trass i denne påståtte frikoplinga.

Etter det Giddens seier, inneber det å eksistere i seinmoderniteten at tradisjonar og sedvanar ikkje lenger blir nedarva og dermed heller ikkje bestemmer våre normer eller våre haldnings- og handlingsmønster (jf. pkt. 5.2.2). Individets refleksive prosjekt går ifølgje Giddens ut på å opprettholde samanhengande, men konstant reviderte biografiske forteljingar. Desse revideringane finn stad i ein kontekst der mangfaldet av valmoglegheiter blir filtra gjennom abstrakte system. I moderne sosialt liv får omgrepet *livsstil* ei stendig auka tyding. Dess meir tradisjonen misser taket, og dess meir dagleglivet blir konstruert på bakgrunn av det dialektiske samspelet mellom det globale og det lokale, dess meir blir individa tvinga til å treffe val om livsstil. Sjølvsagt finst det også standardiserande påverknader, men det sosiale livets openheit i dag, pluraliseringa av handlingskontekstar og mangfaldet av autoritetar, inneber likevel ifølgje Giddens at *livsstilsval* blir stadig viktigare i konstitueringa av sjølvidentitet og dagleg aktivitet. Moderniteten konfronterer såleis individet med eit komplekst mangfald av valmoglegheiter.

Uttrykket *livsstil* har ein noko forsliten klang, fordi det ofte blir forbunde med ein overflatisk forbrukskultur. Livsstil og livsplanlegging må likevel ikkje forvekslast med

reklamen sin bruk av desse omgrepa, og refererer såleis ikkje berre til tingleggjort forbruk og dermed til aktivitetane til velhavande individ og grupper. Slik Giddens nyttar omgrepet, er det uttrykk for noko langt meir fundamentalt. Ein livsstil kan etter det Giddens seier, definerast som eit meir eller mindre integrert sett av praksisar som individet følgjer – ikkje berre fordi desse praksisane oppfyller nyttemessige behov, men fordi dei er med på å gi form – og materialisere – forteljingane om sjølvidentiteten. Under seinmoderniteten er individet, ifølgje Giddens og andre modernitetssosiologar, nøydd til å *velje*. Individet har ikkje noko anna val enn å velje livsstil. Livsstil er rutinisert praksis. Rutinene er inkorporerte i klesvanar, spisevanar, talemåtar, handlemåtar og føretrekte møtestader. Alle dei små avgjerdene ein person treffer gjennom ein dag – kva ein skal ta på seg, kva ein skal ete, korleis ein skal snakke, korleis ein skal te seg – medverkar til slike rutinar. Slike (og større og meir eksistensielle) val er avgjerder som ikkje berre dreier om korleis ein handlar, men også om kven ein vil vere. Dess meir posttradisjonelt miljø ein person kjem inn i, dess meir vil livsstilen, etter dette synet, vere avgjerande for sjølve skapinga og gjenskapinga av sjølvidentiteten (sjå meir om identitet i pkt. 5.3 nedafor).

Men ikkje alle livsstilar er tilgjengelege for alle. Ikkje alle val er opne for alle, og personar treffer ofte sine val utan å ha full oversikt over rekkja av moglege alternativ. Livsstilsmoglegheiter er eit omgrep som peikar på det faktumet at individet alltid vel innafor visse *rammer*, og at rammevilkåra slett ikkje er dei same for alle individ (jf. pkt. 5.2.4 nedafor). Giddens hevdar likevel at alle menneske som har blitt frikopla frå tradisjonelle handlingskontekstar, nærmast er dømde til å ha eit mangfald av livsstilsval framfor seg. Livsstilsmoglegheitene avgrensar sjølvsagt livsstilsvala, men sjølv den mest underprivilegerte lever og agerer, etter det Giddens seier, i situasjonar som er gjennomsyra av modernitetens institusjonelle komponentar. Livsstilsval refererer på den måten både til medviten utforming av ein særleg kulturell stil eller handlemåte, og til avgjerder og handlingslaup som blir følgde under omstende med store materielle avgrensingar. Likevel er det openbert at seinmodernitetens livsstilsval i stor grad er ei rik, vestleg erfaring. Ein arbeidslaus, analfabet flyktning frå Angola er i mykje mindre grad i ein posisjon der det å velje mellom ulike livsstilar er aktuelt, enn det ein velutdanna og velfødd vestleg ungdom er. Nokre individ er meir eller mindre avskorne frå å treffe livsstilsval, eller i alle fall er valhøva sterkt avgrensa.

Klassedeling og andre grunnleggjande forskjellar i samband med alder, kjønn eller etnisitet kan definerast ut frå ulik tilgang til sjølvrealisering og maktstyring.

Medan Giddens og andre modernitetsosiologar er opptekne av korleis moderniteten frikoplar mennesket frå tidlegare band og bindingar og opnar nye valmoglegheiter, set Bourdieus refleksive sosiologi snarare *rammevilkåra* for menneskeleg eksistens og handling under lupa. I sin praksisteori ser han på korleis den samla økonomiske, kulturelle og symbolske kapitalen til aktørar og habitusen deira verkar bestemmande for menneskeleg praksis (jf. Bourdieu 1977, 1991, sjå meir om omgrepa kapital og habitus nedafor). Han er dessutan oppteken av korleis moderniteten også skaper forskjell, utelukking og marginalisering.

Livssstilsforskjellar mellom ulike grupper er, som Bourdieu (1991) understrekar, også elementære strukturerande trekk ved stratifikasjonen og differensieringa av menneske. Ein livsstil omfattar ei mengde vanar og orienteringar, og utgjer dermed ei bestemt eining som bitt saman ulike moglegheiter i meir eller mindre ordna mønster (sjå meir om Bourdieus bruk av omgrepet livsstil i pkt. 5.2.4 nedafor). Ein person som er knytt til ein særskilt livsstil, vil nødvendigvis oppfatte nokre moglegheiter som heilt uaktuelle fordi dei bryt med stilen. Utveljinga eller skapinga av livsstilar blir vidare påverka av gruppepress, rollemodellar og sosioøkonomiske forhold. Ein person som definerer seg som aktør i eit *moderne felt*, vil oppfatte nokre val innafor meir *tradisjonelle felt* som fullstendig utelukka (jf. pkt. 5.2.4). Samtidig ser vi i dag ein aukande tendens til kombinasjonar på tvers av etablerte stilar – såkalla *hybridisering*. Det har nærmast vorte ein stil i seg sjølv å kombinere tidlegare inkompatible stilstorleikar. Innafor matkunsten t.d. har ein på 1990-talet sett ei veldig oppblomstring av såkalla "fusion"- eller "cross over"-mat, som kombinerer aust med vest og nord med sør. Motsetnader er "kult". Ein kan godt digge både heavy rock og pols, sverje til "roller-blades" og folkedans samtidig. Likevel er dette heller unntaket enn regelen. Livsstils-kryssarane er framleis i fåtal, men poenget er at moglegheitene eksisterer. Som Bourdieu og bourdieuinspirerte studiar likevel syner, oppfyller folk i stor grad livsstilsstereotypiane ved å vere relativt konforme innafor sin livsstil. Det gjeld i alle fall innafor bestemte livsstils-sektorar, eller *felt* – for å seie det med Bourdieu (sjå meir om dette i pkt. 5.2.4 nedafor).

5.2.4 Symbolsk kapital, habitus og sosiale felt

Ulikt mange andre teoretikarar innafor den sosiologiske tradisjonen tek Bourdieu opp ei rekkje emne som er svært aktuelle for moderne sosiolingvistikk. For Bourdieu ber alle interaksjonar, uavhengig av kor kvardagslege og uviktige dei kan sjå ut, i seg spor av den sosiale strukturen dei uttrykkjer og er med på å reprodusere. I introduksjonen til *Language and Symbolic Power* seier redaktøren:

> Sociologists and sociolinguists have been more concerned with the interplay between linguistic practices and concrete forms of social life; but in their work there is a tendency – though this is by no means without exception – to become preoccupied with the empirical details of variation in accent or usage, in a way that is largely divorced from broader theoretical and explanatory concerns. One of the merits of the French sociologist Pierre Bourdieu is that it avoids to a large extent the shortcomings which characterise some of the sociological and social-theoretical writings on language, while at the same time offering an original sociological perspective on linguistic phenomena, which has nothing to do with abstract conceptions of social life. He portrays everyday linguistic exchanges as situated encounters between agents endowed with socially structured resources and competencies, in such a way that every linguistic interaction, however personal and insignificant it may seem, bears the traces of the social structure that it both expresses and helps to reproduce. (Editor's Introduction i Bourdieu 1991:2).

Det er særleg to aspekt ved Bourdieus sosiologi som er av interesse i denne samanhengen. Det er ideane om *lingvistisk økonomi* og *symbolsk makt*. Bourdieu bruker analogiar frå bedrifts-økonomien for å skildre mellommenneskeleg kommunikasjon. Ifølgje Bourdieu er all språkbruk ein del av kvardagslivets økonomi. På den lingvistiske marknaden blir språkbruk, som andre varer på andre marknader, vurdert med omsyn til verdi, investering, profitt og kapital. Han seier blant anna:

> [...] the conditions of the reception envisaged are part of the conditions of production, and anticipation of the sanctions of the market helps to determine the production of the discourse. This anticipation, which bears no resemblance to a conscious calculation, is an aspect of the linguistic habitus which, being the product of a prolonged and primordial relation to the laws of a certain market, tends to function as a practical sense of the acceptability, and the probable value of one's own linguistic productions and those of others on different markets. (Bourdieu 1991:76f).

I Bourdieus ord er altså *forventa mottaking* ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra, og dei forventa marknadssanksjonane er med på å bestemme dei språkvala vi til ei kvar tid gjer. Denne kalkuleringa av ulike marknader går oftast føre seg på eit meir eller mindre ubevisst og automatisert nivå, og er basert på dei erfaringane vi har med ulike marknader med omsyn til akseptabilitet, verdi og status.

Eit grunnleggjande utgangspunkt for Bourdieus sosiologi er at den søkjer å avdekkje og skildre dei underliggjande strukturane og dei sosiale relasjonane som finst mellom aktørane i det sosiale universet (jf. t.d. Bourdieu & Wacquant 1995, Broady 1991). Bourdieus sosiologi blir på den måten gjerne sagt å vere svært *relasjonelt* orientert. Omgrepa *kapital*, *habitus* og *felt* er tre forskingsreiskapar som står heilt sentralt i skildringa hans av sosiale relasjonar og strukturar. Desse nøkkelomgrepa hos Bourdieu er også utprega relasjonelle (jf. Broady 1991:468f). Ein viss habitus får t.d. si meining i høve til andre grupper sin habitus, og eit felt er i Bourdieus meining per definisjon eit system av relasjonar. Det at eit individ har ei viss mengd kapital, blir ikkje rekna som ein immanent eigenskap hos det gjeldande individet, men som noko som får meining og verdi i relasjon til dei sosiale gruppene som kan verdsetje denne kapitaltilgangen.

Bourdieu opererer med fire typar av kapital: økonomisk, kulturell, sosial og symbolsk kapital, men det er først og fremst den sistnemnde typen som har interessert Bourdieu. *Symbolsk kapital* er eit svært allment omgrep, som kort kan definerast som "[…] *det som av sociala grupper igenkänns som värdefullt og tillerkännes värde*" (Broady 1991:171). Symbolsk kapital blir gjerne tolka som akkumulert status, prestisje eller ære som er oppnådd gjennom omforma kulturell eller økonomisk kapital. Kva som blir sett på som verdfull symbolsk kapital, vil kunne variere frå miljø til miljø, men visse grupper har gjerne stor symbolsk makt og dermed kontroll over den symbolske marknaden. Bourdieu bruker omgrepet *symbolsk dominans* om den prosessen der ein maktelite klarer å etablere t.d. sine språknormer som dei mest legitime på den språklege marknadsplassen. Kulturell kapital blir gjerne oppfatta som ein underkategori av den meir generelle symbolske kapitalen, og gjeld ulike former for kunnskap, evner og utdanning (jf. Broady 1991:171, Akselberg 1995:159). Den sosiale kapitalen gjeld ressursar basert på kjennskap, vennskap, nettverk og gruppe-tilhørsler. Denne forma for kapital blir ikkje rekna som ein del av den symbolske kapitalen. Eit individ er for det første plassert i det sosiale rommet etter den totale mengda av kapital det har, for det andre etter samansettinga av dei ulike formene for kapital og for det tredje etter korleis individets startkapital blir transformert gjennom livsløpet (jf. t.d. Bourdieu 1995).

Habitus er eit omgrep som heng nøye saman med kapitalomgrepet, på den måten at habitus, ifølgje Bourdieu, er ein av kapitalens eksistensformer. Omgrepet er, som alle kjerneomgrepa til Bourdieu, temmeleg tøyeleg og vanskeleg å definere heilt presist. Slik

Akselberg (1995:157) framhevar, opererer ikkje Bourdieu med klart definerte og avgrensa termar. Litt rundt sagt kan habitusen til eit individ forståast som det "[…] *system av dispositioner* som tillåter människor att handla, tänka och orientera sig i den sociala världen" (Broady 1991:228). Dette systemet av disposisjonar eller vanar, seier Broady (loc. cit.) vidare, er "[…] resultatet av sociala erfarenheter, kollektiva minnen, sätt att röra sig och tänka som ritsats in i människors kroppar och sinnen". Habitus er på denne måten produktet av heile den biografiske erfaringa til eit individ. Habitusen til eit individ er altså forma av det levde livet til vedkomande og er med på å styre og forme individets førestellingar og praksisar. Dermed verkar gjerne habitusen reproduserande på den sosiale røyndomen. Men somtid kan det også oppstå eit brot eller ein diskrepans mellom individets habitus og den sosiale røynda, og den sosiale røynda kan endre seg. Kvart menneske er utrusta med ein habitus. Bourdieus habitus-omgrep gjeld såleis individ og ikkje grupper. Men dess tettare den relative distansen mellom to individ er i det sosiale rommet, dess meir sannsynleg er det at dei dannar ein delt gruppe-habitus. Somme menneske sin habitus blir som kjent vurdert høgare enn andre sin habitus. Denne vurderinga kan likevel skifte frå gruppe til gruppe (jf. Broady 1991:229). Skilnader i individs habitus kan relaterast til samansettinga deira av overført og/eller tileigna kapital.

Ein anna viktig term hos Bourdieu er omgrepet *felt*, eller "*champ*". Bourdieu bruker dette omgrepet i ei teknisk og presis meining. Eit sosialt felt i Bourdieus meining er definert som eit system av sosiale relasjonar mellom menneske eller institusjonar som strir om noko felles (jf. Broady 1991:270, Bourdieu & Krais 1991). For å vere deltakar i eit felt må ein ha ei bestemt kapitalsamansetting og ein bestemt habitus. Deltakarane innom eit felt må dessutan ha eit felles verdisystem, dvs. dei må vere samde om kva for verdiar det er verdt å stridast om (jf. Akselberg 1995:168). Sosiale felt kan overlappe kvarandre, og større felt kan, som kinesiske øskjer, innehalde mindre delfelt. Det å tenkje i felttermar inneber altså å tenkje relasjonelt (jf. Bourdieu & Wacquant 1995:82). Ikkje alle sosiale samanhengar utgjer sosiale felt i den tydinga Bourdieu bruker termen. Eit sosialt felt "[…] karakteriseras av specialiserade agenter och institutioner, en specifik art av symboliskt kapital som ligger till grund för trosföreställningarne inom fältet, specifika investeringar (…), specifika insatser (…) och specifika vinster" (Broady 1991:270). I studiet av sosiolingvistiske tilhøve på Voss operasjonaliserer Akselberg (1995) feltomgrepet og tilpassar det til det lokalsamfunnet han studerer. Han vel å kalle den modifiserte utgåva av Bourdieus felt for "sosiale

aktivitetsområde" eller "aktivitetsfelt". Om desse aktivitetsfelta seier Akselberg (1995:165) følgjande:


> Aktivitetsfelt er eit system av posisjonar; der er strid mellom agentar, og der finst eit felles verdisystem, men aktivitetsfeltet er svakt institusjonalisert, og difor er stridane verre å identifisera, verdisystema svakare kodifiserte, og relasjonane mindre hierarkiske enn hjå Bourdieu, og hovudsakleg dominerte av personar og ikkje institusjonar. Ein er ikkje så opptatt av kven som skal herska i feltet, men er meir orientert mot konkurransen med dei andre felta, t.d. at det alpine feltet og folkemusikkfeltet er i opposisjon til kvarandre.

Eg har valt å ikkje operasjonalisere feltomgrepet på same måte som Akselberg, men vil likevel gjere bruk av dei innsiktene ei relasjonell felttenking kan gi i høve til deltaking i tradisjonelle kontra moderne felt eller livsstilssektorar (sjå særleg korrespondanseanalysen i kap. 9).

Bourdieu bruker også omgrepet *livsstil* i samband med feltomgrepet. Ein livsstil blir uttrykt ved aktivitet i, eller mangel på aktivitet i ulike sosiale felt. Livsstil har med praksis-former å gjere. For Bourdieu er ein livsstil eit system av ulike sosiale praksisformer (jf. Akselberg 1995:160). Ein livsstilssektor er eit visst tidsmessig og romleg utsnitt i forhold til dei overordna aktivitetane til ein person. Innafor ein bestemt livsstilssektor følgjer individet eit relativt einsarta og strukturert sett av praksisar, men folk kan sjølvsagt veksle mellom ulike livsstilar og/eller felt. Ein kan vere aktør innafor eitt bestemt felt i offentlege jobbsamanhengar og aktør innafor eit ganske anna felt i private samanhengar. Klesstil kan t.d. illustrere dette poenget: ei draktkledd bankdame på jobb kan godt vere skinnkledd eksosrype i fritida. Ulike dialektar eller register kan illustrere det same: ein rørosing kan godt snakke rørosdialekt mellom kameratane heime på Røros, men trondheimsdialekt blant kollegaene i Trondheim. Ifølgje Bourdieu kan ein plassere folk i eit relasjonelt høve til kvarandre etter kva for system av praksisformer eller livsstilar dei har (jf. Akselberg loc. cit.). Dette kallar Bourdieu for "livsstilens rom" og han har framstilt dette svært illustrerande i den velkjende boka *Distinksjonen* (1995). Ein av hypotesane hos Akselberg (1995) var at det ville vere samvariasjon mellom aktivitetsfelt/livsstil og språklege realiseringar. Denne hypotesen vart langt på veg stadfesta i granskinga av språktilhøva på Voss. Han framhevar særleg forholdet mellom den språklege variasjonen og aktivitet i såkalla tradisjonelle kontra moderne felt som interessant (jf. Akselberg 1995: 419).

Dersom ein skulle illustrere forholdet mellom dei ulike omgrepa som er presenterte ovafor, kunne ein seie at habitus er bindelekken mellom dei "objektive" materielle, økonomiske føresetnadene for klassetilhørsle og dei "subjektive" klasse- og status-

dimensjonane som blir skapte av livsstilane til grupper og individ. Visuelt kan dette framstillast som nedafor (jf. Mesthrie m.fl. 2000:346):



Ei viktig føremon med Bourdieus generelle teori er at den både kan brukast til å forstå språkleg variasjon på mikronivå og makronivå. Omgrepa lingvistisk økonomi, lingvistiske marknader og symbolsk makt er nyttige både for å forstå dei ulike tilpassingsstrategiane individ vel i ulike situasjonar, og t.d. forholdet mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk. På same måte er dei relasjonelle omgrepa kapital, habitus, felt og livsstil nyttige for å skjøne dei komplekse samanhengane mellom individuelle språkval og konforme språkmønster.

5.3 Identitet – mellom essensialisme og konstruktivisme

Identitet er eit omgrep som kanskje meir enn noko anna har vore i vinden dei seinaste tiåra – og kanskje særleg i løpet av det "postmoderne 1990-talet". Omgrepet er på den eine sida svært banalt og enkelt og på den andre sida svært mangslunge og til dels forvirrande. Anten det handlar om kjønn, alder, stil, fag, arbeid, klasse, religion, nasjonalitet, regionalisme, etnisitet eller språk, er overskrifta ofte knytt til noko med identitet. Omgrepet er såleis svært populært både i interne faglege samanhengar og i det offentlege rommet. Diskusjonane har ofte gått føre seg i spenningsfeltet mellom essensialisme og konstruktivisme, og har pendla mellom desse to grunnleggjande motsette innfallsvinklane til kva identitet djupast sett *er*. Både gjennom den faglege og den populære diskursen blir identitet gjerne framstilt som noko mennesket har *ein* og berre *ein* av, men på den andre sida blir det òg snakka om at mennesket har mange ulike identitetar. På den eine sida er identitet noko opphavleg, uforanderleg og umisteleg, og på den

andre sida er identitet noko ein ikkje berre har, men noko ein må leite etter, finne eller bygge opp, noko som endrar seg gjennom livslaupet og noko ein kan risikere å miste. Identitetsomgrepet dreier seg om kven vi er, enkeltvis eller gruppevis, og det blir brukt i den individuelle og kollektive handsaminga av personlege og sosiale omveltingar.


Ut frå ein essensialistisk tankegang er eit individs identitet konstituert av eit sett medfødde kjerneeigenskapar, som til saman utgjer ein heilskapleg og uforanderleg storleik. Eit slikt bilete av identiteten som ein fast kjerne er nok svært framtredande i den daglegdagse oppfatninga av omgrepet. Innafor ein meir konstruktivistisk tankegang blir det derimot lagt vekt på identitet som ein meiningsskapande prosess gjennom handling, praksis og interaksjon med omgivnadene.[47] I den samanhengen står omgrepa *refleksivitet* og *den andre* som spegel for konstruksjonen av eigen sosial identitet, sentralt. Dette er bl.a. grunnleggjande element innafor Meads (1934) og seinare Goffmans (1959) teoriar om identitetskonstruksjon og symbolsk interaksjonisme. Det er i relasjon til andre at ein blir "seg sjølv" – både som individ og som kultur. Eller som Mead skal ha sagt: "We must be others if we are to be ourselves" (etter Dencik 1998:61). "Meg-sjølv-som prosjekt"-sosiologien, bl.a. representert ved Giddens, er som diskutert ovafor oppteken av den auka valfridomen, frikoplinga og, som konsekvens av den, dei nye identitetsdilemmaa (jf. pkt. 5.2.1). Gjennom den kulturelle frikoplinga frå kulturelle tradisjonar kan nye identitetar prøvast, endrast, stiliserast eller trekkjast tilbake (jf. Ziehe 1989). Dei nye livsvilkåra under postmoderniteten har ifølgje denne tenkinga frigjort, eventuelt frårøva, individet høvet til å oppleve identitet som noko ein overtar frå tidlegare generasjonar og deretter er determinert av. Identitetar er, etter dette synet, ikkje stabile, dei forsvinn heller ikkje, men dei blir stadig transformerte.

Innafor psykologiske vitskapar blir identitetsomgrepet generelt brukt som eit uttrykk for det medvitet eit individ har om seg sjølv som heilskap. Identitet har å gjere med den måten folk definerer seg sjølve og identifiserer seg med andre på. Eit viktig aspekt ved den individuelle identiteten er den enkelte si kjensle av å vere noko, ikkje berre som medlem av ei gruppe, men òg individuelt.

Ulike fagfelt har gjerne ulike innfallsvinklar og forståingar av identitetsomgrepet, og spørsmålet om kva identitet *er* og korleis dei ulike fagdisiplinane nyttar omgrepet, er til dels

[47] Berger og Luckmann si bok *The Social Contruction of Reality* (1967) blir gjerne rekna som ein milepæl for konstruktivismen, men røtene ligg lenger attende hos tenkjarar som Marx, Weber, Schütz og andre.

temmeleg ulike. Filosofen Hans Fink (1991) har forsøkt å rydde ein farbar veg i den jungelen som omgir identitetsomgrepet, ved å gripe attende til Aristoteles sitt skilje mellom tre ulike former for identitet. Fink har utvikla ein semantisk modell av identitetsomgrepet som forsøker å overskride opposisjonen mellom essensialisme og konstruktivisme. I modellen til Fink blir omgrepet visualisert som eit triangel ("den hellige treenighet"):



Figur 5.1 Identitetens hellige treenighet (etter Fink 1999)

Desse tre formene for identitet blir forstått både som objektive og subjektive storleikar. *Numerisk identitet* tyder at noko gjennom sin eksistens er *det same som seg sjølv* – til forskjell frå alle andre ting. Numerisk identitet er med på å gi meining til omgrepet identitets-*endring* fordi det gir eit fast haldepunkt i høve til det som er i endring. Det er vanskeleg å oppfatte det som er i endring dersom ingenting blir ved med å vere det same. Eller sagt på ein annan måte, vi kan berre få auge på det relativt flytande i høve til det som står relativt fast. Det omskiftelege får først meining og innhald sett i forhold til det uforanderlege og faste. *Generisk identitet* er det at noko er det same som noko anna: same slags klasse, art, type eller kategori, til forskjell frå andre klassar, artar, typar eller kategoriar. *Kvalitativ identitet* vil seie at noko er *det same som* eller liknar noko anna på ein eller fleire bestemte måtar, til forskjell frå andre ting som ikkje liknar på den bestemte måten. For å oppsummere kan ein seie at numerisk, generisk og kvalitativ identitet er det å vere høvesvis "same ein", "same slags" og "same på ein bestemt måte". Desse tre formene for identitet er på same tid åtskilde, men gjensidig avhengige av kvarandre. Eller som Fink (1991:218) seier:

> En tings numeriske, generiske og kvalitative identiteter holdes således på spændstig vis på én gang sammen og fra hinanden i identitetsbegrebets treenighed, som på en måde blot er et udtryk for det umådeligt elementære forhold, at alle individer (alt hvad vi taler om som *den* eller *det*) er individuelle størrelser til forskel fra andre forskellige størrelser af samme eller forskellig slags, som de både ligner og adskiller sig fra i utallige henseender. Identitet i denne elementære forstand kan man ikke tænke bag om og heller ikke tænke uden om.

Denne avhandlinga er numerisk identisk med seg sjølv, det er ei avhandling innafor feltet nordisk språkvitskap og er såleis generisk identisk med alle andre avhandlingar innafor denne kategorien. Den er skriven på norsk og er såleis kvalitativt identisk med alle andre avhandlingar skrivne på norsk, men kvalitativt ulik avhandlingar skrivne på tysk eller spansk. Medan numerisk identitet heng saman med singularitet og eksistens, er generisk identitet knytt til allmennheit og essens. Forståinga av dei tre formene for identitet og det innbyrdes forholdet mellom dei er eit omdiskutert, men sentralt tema innafor filosofihistoria.

Sjølv om identitetsomgrepet har ei lang historie, vart det først for alvor populært i tida etter den andre verdskrigen, då både bruksområde og innhald vart radikalt utvida, særleg takka vere sosialpsykologien og sosiologien (jf. t.d. Mead 1934, Erikson 1968, Tajfel 1981). Fink (1991) peikar på at denne viltvoksande underskogen av høgst forskjellige samfunnsvitskaplege forsøk på å kome med klargjerande definisjonar, har skapt mykje uklarheit. Forholdet mellom brot og kontinuitet mellom dei opphavlege, allmenne identitetsomgrepa og dei nyare omgrepa om psykososial og kulturell identitet er dessutan svært innfløkt. Ein slik kompleksitet er det kanskje umogleg å rydde opp i, men Fink medverkar i alle fall til ei viss klargjering ved å vise korleis dei ulike definisjonane er filtra inn i kvarandre, og ved å presisere at mykje av det vi kallar identitet, ikkje er eigne former for identitet i verkeleg forstand, men snarare identitets-*medvit* og identitets-*kjensle*. Når eg seinare i dette kapittelet kjem til å snakke om stadsidentitet og regional identitet, er det derfor snarare kjensle av og medvit om tilhørsle til ein bestemt stad, lokalitet eller region det er snakk om, meir enn identitet i eigentleg forstand. Varierande medvit om eigen identitet er ifølgje Fink ikkje særlege former for identitet, men grader av medvit og sjølvmedvit om våre numeriske, generiske og kvalitative identitetar.

Ulike roller er på same måte ikkje særskilde identitetar, men typiske åtferds- eller medvitsmønster knytte til visse generiske identitetar, dvs. til menneske, eller avhandlingar, av bestemte slag. Fink meiner at det er denne samanblandinga av "identitet" og medvit om eigen identitet som har ført til at sosialpsykologar har byrja å snakke om *subjektiv identitet* som noko sjølvstendig i motsetnad til *objektiv identitet*. Det er også derfor identitet blir oppfatta

som noko ein kan miste, og noko som enkelte menneske har meir av enn andre. Det er også på denne bakgrunnen at determinister og konstruktivistar kan diskutere i det uendelege om identitet er ein fast og uforanderleg storleik eller noko dynamisk og omskifteleg. Men ifølgje Fink (1991) er den begge deler – både fast og omskifteleg. Eit individ har alltid eit mangfald av identitetar – eit *identitetskompleks*, og ingen av dei enkelte formene kan stå åleine. Korkje numerisk, generisk eller kvalitativ identitet kan monopolisere identitetsomgrepet, men er gjensidig avhengige av kvarandre. Dei ulike formene for identitet er dessutan uløyseleg knytte til *forskjell*: "Al identitetstænkning er forskelstænkning, og al forskelstænkning er indentitets-tænkning" (Fink 1991:218). Identitet uttrykkjer altså både inklusjonsrelasjonar og eksklusjons-relasjonar.

Sjølv om eit individs identitet openbert består både av meir faste og meir omskiftelege element, vil eg i denne avhandlinga primært vere mest oppteken av identitet som eit relasjonelt og dynamisk fenomen – dvs. identitet som sosial konstruksjon og ikkje minst som noko som vi stendig er i *forhandling* med omgivnadene våre om. Det vil seie at det først og fremst er dei generiske og kvalitative sidene ved identiteten som vil vere av særleg interesse her – eller det sosialpsykologar vil kalle for *den sosiale identiteten* til eit individ.[48] Den sosiale identiteten vil seie dei eigenskapane individet har som gjer det kvalifisert til å vere medlem av bestemte *gruppefellesskap*. Bak sosialpsykologiens omgrep "sosial identitet" ligg to viktige premissar: 1) kvart individ rommar mange latente identitetar, og 2) eit individs (manifeste) identitet oppstår i og blir forma av den sosiale interaksjonen det inngår i. Sett frå denne ståstaden er ikkje sosial identitet noko ein "har", men noko ein "gjer". Kvart menneske rommar såleis eit mangfald av *identitetspotensiale*, og har fleire samtidige tilhørsler det kan veksle mellom. Ein er ikkje nødvendigvis anten–eller, men både–og. Identitet og identitetsbygging er i dette perspektivet ein dynamisk prosess – noko som heile tida blir skapt i møtet mellom folk med ulike tilhørsler og i individets møte med ulike sider av seg sjølv. Gjennom vekselspelet i desse møta blir individets sosiale identitet utvikla. Sosialpsykologien har på ulike måtar forsøkt å

[48] I den psykologisk og sosialpsykologiske litteraturen er det vanleg å skilje mellom såkalla personleg og sosial identitet, men teoriane på dette punktet er motsetnadsfylte og grensene flytande. Sosial identitet blir likevel ofte forstått som det er å vere like eins som visse andre på sosialt vesentlege måtar (dvs. generisk eller kvalitativ identitet), medan personleg identitet inneber at noko er identisk med seg sjølv (dvs. numerisk identitet). På same måte som den numeriske, generiske og kvalitative identiteten er gjensidig avhengige av kvarandre, står vel å merke også den personlege og sosiale identiteten i eit dialektisk avhengigheitsforhold til kvarandre. Ein kan på den måten seie at eit individs identitet blir til i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive.

fange inn denne identitetsdynamikken – nokre snakkar om den *forhandlingsidentiteten* som det postmoderne mennesket utviklar i forhold til sine ulike livsaspekt, andre om "patchwork identities". Den danske sosialpsykologen Lars Dencik (1998:40ff) freistar å kaste lys over den sosiale identiteten ved hjelp av tre polære distinksjonar:

> 1) **Sjølvdefinert kontra alterdefinert identitet**: Den sjølvdefinerte identiteten er den identiteten ein person sjølv meiner eller føler at han eller ho har. Denne identiteten treng ikkje å vere identisk med den identiteten andre tillegg den same personen, (dvs. den alterdefinerte identiteten til vedkommande).
>
> 2) **Objektiv kontra subjektiv identitet**: Den objektive identiteten til ein person er den sosiale kategorien som han eller ho blir rekna som ein medlem av på grunnlag av særskilde kriterium. Den objektive identiteten treng ikkje å vere identisk med den subjektive identiteten til vedkommande (dvs. den individuelt føretrekte).
>
> 3) **Absolutt kontra relativ identitet**: Ein absolutt identitet er noko ein kan ha eller ikkje ha, medan ein relativ identitet er noko ein kan ha i større eller mindre grad.

Bak desse tre distinksjonane kan ein finne kimen til potensielle konfliktar – ikkje minst i høve til språkbruk. Bruk av visse språk, dialektar eller register vil t.d. kunne plassere personar i grupper eller tillegge dei eigenskapar dei ikkje ønskjer å identifisere seg eller bli identifisert med. Språk er ein forskjell som gjer forskjell (jf. Batesons kjente utsegn: "differences that make difference" her etter Thuen 1999:26). Språk spelar ei avgjerande rolle når menneske inkluderer eller ekskluderer seg sjølve, eller blir inkluderte i eller ekskluderte frå bestemte grupper. Ein kan til dømes godt definere seg som same sjølv om ein ikkje snakkar samisk, men det er slett ikkje sikkert at andre vil kome til å oppfatte vedkomande som eit medlem av denne etniske gruppa. Tilsvarande kan ein ungdom frå Røros eller Tynset godt definere seg som høvesvis rørosing eller tynseting utan at vedkomande snakkar den stadbundne dialekten. Men det kan godt hende at andre rørosingar og tynsetingar dermed *ikkje* vil inkludere denne ungdomen som ein av "sine eigne".

Generelt freistar vi likevel å bli samde med andre om kven vi er. Omgrepet *identitets-forhandlingar* blir gjerne brukt om dette at vi freistar å oppnå konsensus med andre om identiteten vår (jf. t.d. Liebkind 1989). Desse forhandlingane om identitet har både med innhald og verdi å gjere. For det første kven vi er, og for det andre kva for verdi det har å vere den vi er. For som Liebkind (op. cit.:52) påpeiker: "It may be discomforting to disagree about what or who we are, but it is even more discomforting to disagree about what it is worth to be what we are". Kva for verdi har det t.d. å vere rørosing eller tynseting? Ved ei slik

verditillegging blir ikkje identitet berre eit spørsmål om sosial identitet og gruppetilhørsle, men også eit spørsmål om relasjonen og maktfordelinga mellom ulike grupper.

5.3.1 Språk og identitet

> [...] sproget gør min subjektivitet "mere virkelig", ikke blot for ham jeg snakker med, men også for mig selv. (Berger & Luckmann 1999:54).

Både språkforskarar, filosofar og psykologar har vore opptekne av at det er ein nær samanheng mellom språk på den eine sida og menneskets identitet på den andre. Mange meiner at språket påverkar identiteten, og motsett at identiteten påverkar språket. Eller sagt på ein annan måte: språket er i mennesket, men mennesket er også i språket. Ifølgje Mead (1934) er språket det mediet som gjer mennesket i stand til å reflektere over seg sjølv og sjå seg sjølv frå synsstaden til eit anna menneske. Språket spelar ei sentral rolle når vi blir sosialiserte inn i ulike sosiale fellesskap og er på den måten ein av dei viktigaste og mest vitale identitets-skapande faktorane hos mennesket. Språket står heilt sentralt i individets samhandling med andre individ, som formidlingskanal og som meiningsskapande og meiningsberande symbol-system. Innafor dialektisk-hermeneutisk språkfilosofi er språket på den eine sida det mediet som mennesket tolkar verda og seg sjølv med, og på den andre sida noko som sjølv treng å bli tolka (jf. Kemp 1972:15f). Sjølv om mennesket berre kan erkjenne seg sjølv gjennom språket, er ikkje mennesket sjølv eit språkleg fenomen. Mennesket er vilje og handling. Viljen kan bringe fram og utvikle språket. Dermed vil ein kunne finne spor av identiteten til eit menneske i språket.

Den russiske språkfilosofen Mikhail Bakhtin (t.d. 1981) tek for gitt at individet får identiteten sin gjennom deltaking i kulturelle fellesskap, kollektiv eller grupper. I denne deltakinga er språket eit essensielt hjelpemiddel sidan språket knyter oss intimt saman med andre menneske. På den måten blir den individuelle psyken utvikla gjennom språket, samtidig som den individuelle tenkinga vår blir kollektiv (jf. Wertsch 1990 og Rommetveit 1990). Ifølgje Bakhtin har språkbrukaren fleire ulike "røyster". Dei ulike røystene til ein språkbrukar kan seiast å reflektere dei ulike numeriske, generiske og kvalitative (eller individuelle og sosiale) identitetane til språkbrukaren. Røystene kjem til uttrykk ved at språkbrukaren nyttar ulike sosiale språk som til dømes gruppespråk, dialektar, fagspråk eller generasjonsspråk. Etter det Bakhtin seier, snakkar språkbrukarar alltid gjennom ulike sosiale språk, og i det sosiale

språket ligg det innleira fleire røyster. Dermed vil òg andre røyster enn den individuelle kome til uttrykk. Det å nytte ulike sosiale språk inneber, etter Bakhtin, ei særleg form for dialogisitet eller "ventriloquation", det vil seie "[...] the process whereby one voice speaks *through* another voice or voice type as found in social language" (Wertsch 1990:75). Dei ulike sosiale språka formar og set grenser for kva den individuelle røysta kan seie.

Innafor lingvistikken er det særleg interaksjonelt orienterte sosiolingvistar og psyko-lingvistar som har interessert seg for forholdet mellom språk og identitet (jf. t.d. Giles & Smith 1979, Giles & Coupland 1991, Gumperz 1982, Rampton 1995, Eckert 1989, 2000). Kreolspråksforskarane Le Page og Tabouret-Keller (1985) er blant dei som har lagt særleg vekt på sambandet mellom språk og identitet. Dei meiner at all språkleg åtferd prinsipielt sett er individuelt motiverte *identitetshandlingar*. Individet synleggjer med andre ord sin identitet, sine tilhørsleforhold og si søking etter sosiale roller ved hjelp av språket. Den teoretiske basisen for desse ideane er henta frå sosialpsykologien, og blir formulert på denne måten:

> [...] the individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group with which *from time to time* he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished. (Le Page og Tabouret-Keller 1985:181, mi utheving).

Språkbrukaren vel altså bevisst eller ubevisst blant dei språklege variantane eller varietetane som finst i det mangedimensjonale språklege rommet ho lever i, på ein slik måte at ho til kvar tid synleggjer kven ho gjerne vil assosiere seg med eller disassosiere seg frå (jf. også tilpassingsteorien pkt. 5.3.2.1 nedafor). Den identiteten språkbrukaren har eller ønskjer å ha i ulike situasjonar, verkar med andre ord styrande på dei lingvistiske vala. Språk er slik sett ein svært sentral identitetsmarkør. Vi ser at Le Page og Tabouret-Keller her legg vekt på det dynamiske, mangfaldige og omskiftelege ved individets identitet ved at det her er snakk om *val* individet kontinuerleg gjer i ulike interaksjonssituasjonar.[49]

[49] Desse språklege vala treng vel å merke ikkje å vere *bevisste*, men føregår truleg oftast på eit meir eller mindre ubevisst nivå. Bruk av ordet *val* i denne samanhengen, viser til den grunnleggjande tesen innafor fenomenologien om at all menneskeleg verksemd er *intensjonal* (jf. Husserl 1976). Derfor kan ikkje menneskelege handlingar kausalforklarast på same måte som naturfenomen, men må tolkast ut frå kva for *meining* desse handlingane har innafor eit større semiotisk system. Ein av hovudtesane innafor den interaksjonelle sosiolingvistikken er at språklege handlingar er *intensjonale* og dermed høyrer heime innafor ein slik meir generell sosialsemiotikk. Ut frå dette synet er altså språklege handlingar fylt med sosial meining. Kvart språktrekk og kvar språklege kode indekserar eit sett av sosiale og kulturelle verdiar. På den måten har den språklege åtferda vår eit klart potensiale i å uttrykke vår sosiale identitet.

Sjølv om språk og identitet prinsipielt sett alltid har med kvarandre å gjere etter teorien til Le Page og Tabouret-Keller, er truleg dei to storleikane relaterte til kvarandre med ulik styrke hos ulike individ og i ulike område. Sambandet mellom språk og identitet er utan tvil sterkare i enkelte land og innafor enkelte etniske og sosiale grupper enn i andre. Under tilhøve der nasjonale, regionale, etniske eller sosiale grupper blir truga, blir gjerne språk og identitet knytt svært tett saman.

Ut frå hypotesen om at alle språkhandlingar er identitetshandlingar, er det rimeleg å gå ut i frå at språkendringar på ein interessant måte kan henge saman med identitetsendringar. Men endrar identiteten seg fordi språket endrar seg, eller endrar språket seg fordi identiteten endrar seg? Etter det som er sagt ovafor, skulle det vere klart at sambandet mellom språk og identitet må vere dialektisk og dynamisk. Spørsmålet er dermed ikkje kva som påverkar kva, men korleis språklege og identitetsmessige endringar interagerer. Er eg framleis vestlending dersom eg legg om til austlandsk talemål? Kva for konsekvensar får det for meg og min identitet som nordmann dersom eg vel å snakke svensk? Klarer eg då å oppretthalde både min sjølvdefinerte og alterdefinerte identitet som norsk? Språklege endringar av denne typen vil utvilsamt kunne gjere noko både med min generiske og kvalitative identitet, men min numeriske identitet som nordmann står fast.

Dersom ein går ut ifrå den opphavlege, filosofiske definisjonen av identitet, kan ein altså seie at den eller dei språka ein lærer som barn, er ein del av eins numeriske identitet – i den forstand at det er noko ein har fått, er født inn i utan sjølv å ha valt det, og som ein lærer meir eller mindre automatisk. Ein kan sjølvsagt sidan velje å la vere å nytte eit av dei språka, dialektane eller registra ein har lært, men dei vil likevel vere ein del av eins numeriske identitet, i den forstand at det er noko ein har hatt, som er ein del av eins språkhistorie og som ein gjerne framleis har i seg som eit potensiale. På den andre sida kan ein hevde at språk er ein del av den generiske identiteten til eit individ. Språket er med på å plassere individ i kategoriar eller grupper saman med andre individ av same slag. Samtidig kan språk seiast å vere ein del av individets kvalitative identitet på den måten at språk er ein forskjell som gjer forskjell – som gjer at nokre individ kjem til å likne kvarandre på ein bestemt måte ved å snakke same språk, dialekt eller register, men desse menneska kan sjølvsagt vere svært ulike på ei rekkje andre måtar. Generisk identitet gjeld alltid eit individ som medlem av ei gruppe, medan kvalitativ identitet gjeld tingen sjølv, og berre på den måten han liknar ein eller fleire andre.

To individ som er kvalitativt identiske på ein bestemt måte, t.d. ved å snakke same dialekt, kan alltid vurderast som generisk identiske som medlem av fellesskapet av dei som har det aktuelle fellestrekket, t.d. gruppa rørosingar ved at dei snakkar rørosisk.

5.3.2 Tilpassing og nettverk

Dei to teoriane som kanskje har vore aller mest brukte som forklaring på språkleg variasjon og endring innafor sosiolingvistikken dei seinare åra, og som begge meir eller mindre eksplisitt har med identitet å gjere, er tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien (jf. t.d. Giles 1973, Giles & Smith 1979, L. Milroy 1980). Begge desse teoriane er etter kvart velkjende innafor sosiolingvistikken og har vorte grundig presenterte, diskuterte og kritiserte i ulike norske, nordiske og internasjonale sosiolingvistiske granskingar dei seinare åra (jf. t.d. Mæhlum 1992, Akselberg 1995, Røyneland 1994, Pedersen 1994, Sundgren 2002, Gal 1979, Trudgill 1986, Coupland 1988, Bortoni-Ricardo 1985, Hinskens 1996, Eckert 2000, Kerswill 2002b, Auer & Hinskens under utgj.). Det skulle dermed ikkje vere noko behov for å presentere desse teoriane i si fulle breidde her, men eg vil likevel referere nokre hovudpunkt og kome inn på nokre av ankepunkta som har kome fram mot dei to teoriane.

5.3.2.1 Tilpassingsteorien og språkendring[50]

På same måte som teorien om at alle språkhandlingar er identitetshandlingar (jf. Le Page & Tabouret-Keller 1985), har også tilpassingsteorien sitt utgangspunkt i sosialpsykologien. Det teoretiske rammeverket vart i stor grad utvikla på basis av eit ønske om å vise at sosialpsykologiske prosessar er viktige for å forklare og forstå føresetnadene for og motivasjonane bak ulike språklege tilpassingsstrategiar i ulike sosial samanhengar. Det gjeld særleg dei kognitive og affektive prosessane bak språkleg *konvergens* og *divergens*. Implisitt i teorien ligg prinsippet om at det alltid vil gå føre seg ei viss *interaksjonell synkronisering* mellom individet og dei sosiale omgivnadene til individet (jf. t.d. Giles 1973, Giles & Coupland 1991). Modellen er open både for mikro- og makrokontekstuelle kommunikative problemstillingar, og prøver såleis både å forklare mekanismane bak språkleg tilpassing i

[50] For ein presentasjon av tilpassingsteorien sjå t.d. Giles & Powesland (1997).

konkrete interaksjonssituasjonar (ansikt–til–ansikt-situasjonar), og tilpassing i høve til meir abstrakte einingar som underliggjande forventningar, haldningar og sosiokulturelle tilhøve. Teorien prøver dessutan å forklare både den språklege tilpassinga som går føre seg i ei konkret sosial samhandling, og meir langsiktige språklege tilpassingar. Kortvarige tilpassingar vil ifølgje teorien ha meir langsiktige verknader, samtidig som den språklege tilpassingsstrategien som blir føretrekt i ein konkret interaksjonssituasjon, er eit utslag av tidlegare erfaringar frå liknande situasjonar. Langsiktige perspektiv kan på den måten ha innverknad på den kortsiktige tilpassinga, og den kortsiktige tilpassinga kan igjen få meir langsiktige konsekvensar ved at vi får ei meir permanent tilpassing over tid og dermed altså språklege endringar. Eller som Giles & Coupland (1991:74) seier: "[…] the mechanics of everyday interpersonal convergence in important social networks provides a breeding ground for longer-term shifts in individual as well as group-level language". Slik Auer & Hinskens (under utgj.) oppsummerer teorien, inkluderer han tre hovudkomponentar som kan plasserast i eit hierarki der dei høgste nivåa presupponerer dei føregåande nivåa (jf. også Auer & Hinskens 1996:22):

Høgaste nivå (språksamfunn):	↑	språkendring
Mellomnivå (den individuelle språkbrukaren):	↑	langtids-tilpassing
Lågaste nivå (interaksjonell episode):		korttids-tilpassing

I ansikt–til–ansikt-kommunikasjon mellom språkbrukarar med meir tradisjonelle dialekttrekk og dei som bruker nivellerte former eller eventuelt standardformer, vil den førstnemnde etter teorien advergere mot den lingvistiske åtferda til den sistnemnde.[51] Tilpassing kan anten bestå i tileigning av eit nytt språktrekk og/eller utelating av eit tradisjonelt trekk. Ei kortsiktig tilpassing kan bli langsiktig dersom den advergerande språkbrukaren bruker den nivellerte varianten også i interaksjon med andre språkbrukarar, og at det altså blir ein individuell vane. For at ein slik individuell vane skal kunne bli ei varig endring innafor eit språkleg fellesskap, må den aktuelle lingvistiske innovasjonen spreiast til andre individ i dette fellesskapet.

[51] Advergens viser til at det er eit asymmetrisk forhold mellom språkbrukarane, og at berre den eine nærmar seg språkbruken til den andre (jf. kap. 3, pkt. 3.2.2). Det mest vanlege biletet er at dialektbrukarar nærmar seg standardspråkbrukarar, men ikkje motsett, fordi det relative makt- og statusforholdet mellom standard og dialekt i regelen er asymmetrisk. Det er altså ikkje gjensidig konvergens det er snakk om her.

Sidan langtids-tilpassing presupponerer at språkbrukarane blir frekvent eksponert for den aktuelle innovasjonen, er det mest sannsynleg at ein innovasjon vil spreie seg fortast blant individ som er medlemar av det same tette multiplekse nettverket (sjå meir om nettverk nedafor).

Ein særleg utbygd versjon og bruk av tilpassingsmodellen i høve til språkendring er å finne hos Trudgill (1986). Han meiner at tilpassingsteorien er heilt sentral for å forstå språkleg endring i kontaktsituasjonar og bruker denne teorien for å forklare langtids-tilpassing ved kontakt mellom språkbrukarar med ulik dialektbakgrunn:

> The best explanation would appear to lie in the theory of linguistic accommodation [...]. In face–to–face interaction, this explanation would have it, speakers accommodate to each other linguistically by reducing the dissimilarities between their speech patterns and adopting features from each others speech. If a speaker accommodates frequently enough to a particular accent or dialect [...] then the accommodation may in time become permanent, particularly if attitudinal factors are favourable. (Trudgill 1986:39).

Trudgill argumenter sterkt for tydinga av ansikt–til–ansikt-tilpassing i studiet av dialekt-kontakt og bruker først og fremst britisk-talande immigrantar si tilpassing til amerikansk-talande i USA som døme. Trudgill meiner at det særleg er såkalla saliente dialekttrekk som blir skifta ut i denne tilpassingsprosessen (jf. kap. 3, pkt. 3.3 om saliens). Også Hinskens (1996) bruker tilpassingsteorien i si gransking av dialektkontakt og dialektnivellering i Limburg. Ein av hypotesane til Hinskens (1996:22) er at:

> [...] the long-time process of dialect levelling is foreshadowed in accommodation in dialect use. In other words, the interactional, hence short-term phenomenon of accommodation in speech towards people with a different dialect background may lead to the structural focusing process of dialect levelling.

Tilpassing blir i Hinskens sin studie operasjonalisert som utelating av dialekttrekk i den eigne dialekten som ikkje finst i samtalepartnaren sin dialekt. Hinskens kjem fram til at tilpassing til samtalepartnaren er mest framtredande dess mindre geografisk utbreiing det aktuelle dialekt-trekket har (jf. Hinskens 1996:367ff og Auer & Hinskens under utgj.). Hinskens finn altså støtte for hypotesen om at dialektnivellering blir reflektert i akkomodasjonsprosessar, men han finn ikkje støtte i sitt materiale for at korttidstilpassing nødvendigvis får meir langsiktige verknader slik tilpassingsteorien predikerer. Endå meir slåande er resultata til Peter Gilles (1999, her etter Auer & Hinskens under utgj.). Luxemburgiske språkbrukarar meiner at dei tilpassar seg kvarandre i interdialektale samanhengar, men ifølgje Gilles si gransking er ikkje dette tilfellet.

Det finst med andre ord både granskingar som støttar teorien om at språkleg endring kan forklarast ved hjelp av tilpassingsteorien, og dei som ikkje gir støtte til teorien. I ein fersk artikkel om emnet diskuterer Auer & Hinskens (under utgj.) påstanden til Niedzielski & Giles (1996:338) om at "[…] accommodation theory should be one of the major frameworks to which researchers in language change should turn". Dei meiner at tilpassingsteoriens føresetnad om frekvent ansikt–til–ansikt-kommunikasjon og tilpassing mellom samtale-partnarar som er fysisk til stades i ein gitt interaksjon, er høgst problematisk. Dei set denne modellen opp mot det dei kallar for ein "identity projection model". Denne modellen blir oftast assosiert med Le Page & Tabouret-Keller (1985) sin teori om verbale identitets-handlingar (jf. pkt. 5.3.1 ovafor). Ifølgje denne modellen treng ikkje den eller dei ein språkbrukar forsøker å etterlikne lingvistisk, å vere fysisk til stades i ein gitt samtale. Bruk av visse dialekttrekk eller nivellering av dei same trekka er etter denne modellen eit resultat av språkbrukaren sitt ønske om å identifisere seg med visse individ eller grupper. Det vil seie "[…] the consequence of projecting a persona of himself or herself" (Auer & Hinskens under utgj.:5). Det er altså irrelevant kor vidt samtalepartnaren i den aktuelle situasjonen tilhøyrer denne gruppa eller ikkje. Auer & Hinskens avviser ikkje tilpassingsteoriens relevans, men seier at det er vanskeleg å finne støtte for "[…] the co-occurrence of interpersonal accommodation and community-level change", og dei konkluderer dermed som følgjer:

> Several findings suggest that the driving force behind change in the individual and also in the community is not imitation of the (perceived) language of one`s interlocutor, but rather, an attempt to assimilate one's language to the possibly stereotyped characteristics of a group one wants to be part of, or resemble. Only such a view is compatible to the well-known finding of hyper-correction (or, for that matter, hyper-dialectalism). [...] This more abstract, identity-related motivation for the selection of certain forms of speech can go together with interpersonal accommodation if the speaker wants to resemble the group to which his or her co-participants belong, and if his or her stereotype of this group is close to the co-participant's actual behaviour. This, however, is by no means always the case. In the absence of such a fit between behavioural data in face-to-face encounters and stereotyped social personae, the latter seems to override the effect of the former. (Auer & Hinskens under utgj.:30).

Auer & Hinskens går vel å merke ut frå ei svært avgrensa og kanskje ortodoks forståing av tilpassingsteorien, og tek ikkje omsyn til nyare tillempingar av modellen. Sidan teorien først vart introdusert på 1970-talet, har teorien vorte utvikla og utvida mange gonger. Frå primært å fokusere på verbale strategiar og tilpassing i konkrete interaksjonssituasjonar rettar teorien no like stor merksemd mot den ikkje-verbale, diskursive dimensjonen og tilpassing i høve til meir abstrakte einingar som underliggjande forventningar, haldningar og sosiokulturelle tilhøve (jf.

ovafor). Etter det eg kan sjå, gjer det avstanden mellom den såkalla identitetsprojeksjons-modellen og tilpassingsteorien mindre enn det ein får inntrykk av hos Auer & Hinskens. Viss ein vender fokuset bort frå tilpassing i ansikt–til–ansikt-situasjonar og over på den meir abstrakte bruken av tilpassingsteorien, er det slik eg ser det, stort samsvar mellom dei to modellane.

Eg har ikkje hatt som føremål å operasjonalisere tilpassingsteorien på den måten som t.d. Hinskens (1996) har gjort det, men ønskjer meir å bruke innsiktene i denne teorien og i identitetsprosjeksjonsmodellen som bakteppe for å forstå dei motivasjonane som måtte ligge bak dei språklege vala til mine informantar på Røros og Tynset.

5.3.2.2 Den sosiale nettverksteorien og språkendring[52]

Svært forenkla seier teorien om sosiale nettverk at dess meir folk har med kvarandre å gjere, dess meir likt snakkar dei. Teorien vart henta inn i sosiolingvistikken via antropologien og sosiologien (jf. t.d. Barnes 1954, Granovetter 1973) og har etter kvart vorte brukt i ei rekkje sosiolingvistiske studiar av språkleg variasjon og endring. Sosiale nettverk har vorte brukt som eit alternativ eller supplement til sosial klasse som ofte har vore den mest brukte variabelen innafor denne typen studiar. Nettverksomgrepet har likevel vorte brukt på svært ulikt vis innafor ulike nettverksbaserte studiar – alt frå nitide operasjonaliseringar av nettverksindeksar til meir metaforisk bruk. Men dei ulike studiane har likevel det felles at det er den sosiale og kommunikative integrasjonen av individet som har stått i sentrum.

Det er særleg Lesley Milroy (1980) sin studie av språkbruk og sosiale nettverk i tre arbeidarklassestrok i Belfast som har gitt nettverksteorien den posisjonen den har innafor sosiolingvistikken i dag. I denne studien viser Milroy at såkalla tette og multiplekse nettverk har ein viktig funksjon som sosiale korrigerings- og kontrollinstansar og derfor er viktige for å halde ved lag eit tradisjonelt talemål. Menneske som har ein tett nettverksstruktur, har dessutan større kapasitet til å stå imot det sosiale presset frå meir standardiserte talemålsvarietetar. Teorien forklarar med andre ord i første omgang kvifor språk *ikkje* endrar seg. Det store byspråksprosjektet *Berlin Urban Vernacular* støttar Milroy sin teori om at det er ein nær samanheng mellom bevaring av den lokale varieteten og grad av integrasjon i lokal-

[52] For ein introduksjon til nettverksteorien sjå t.d. L. Milroy (2002)

samfunnet (jf. Dittmar & Schlobinski 1988). Det same gjer Eckert (1989, 2000) sin studie av *jocks* og *burnouts* i Detroit. Men Milroy sjølv (2002:562) meiner at nettverksteorien også kan vere nyttig for å forklare og forstå språklege endringar:

> […] if a close-knit network structure supports localized linguistic norms and resists change originating from outside the network, the corollary, that communities composed of weak ties will be susceptible to such change, is also likely to hold. […] "weak" and apparently insignificant interpersonal ties (of "acquaintance" as opposed to "friend", for example) are important channels through which innovations and influence flow from one close-knit group to another […] linguistic innovators are likely to be individuals who are in a position to contact many weak ties.

Denne såkalla "weak tie model of change" har likevel møtt ein del kritikk. Både Bortoni-Ricardo (1985) og Murray (1993) meiner at nettverksmodellen først og fremst er skikka til å forklare kvifor folk held fast ved ei særskilt taleform, medan den *ikkje* høver så godt til å forklare kvifor folk går over til å nytte nye variantar eller varietetar. Med referanse til Labov seier Murray (1993:166) t.d.:

> 'It's true that the transmission of linguistic traits demands first of all the importance of a high frequency of contact, but it has to be contact that is structurally meaningful,' which is to say strong ties.

Denne kritikken tek vel å merke, på same måte som tilpassingsteorien slik Trudgill (1986) bruker den, utgangspunkt i at det må vere *direkte kontakt* mellom ulike språkbrukarar for at innovasjonar skal kunne spreie seg. Men slik meir utvida versjonar av tilpassingsteorien og identitetsprosjeksjons-modellen seier, treng ikkje den personen eller den gruppa eit individ ønskjer å identifisere seg med, å vere til stades i konkrete interaksjonar for at ein innovasjon skal kunne plukkast opp og ei endring initierast. Eit slikt utgangspunkt gjer etter mi meining hypotesen om at innovasjonar blir formidla via individ med svak nettverkstilknyting, som kanskje nettopp søkjer utover mot nye grupper, relativt plausibel. Hypotesen får mellom anna støtte i Kerswill & Williams (1999) sin studie av forholdet mellom sosialklasse, nettverks-struktur og mobilitet. Dei konkluderer med at sterke nettverksband held oppe den lokale norma, medan lause nettverksband opnar for og favoriserer endring.

Andre kritiske innvendingar mot nettverksteorien gjeld sjølve operasjonaliseringa av termen. I sin studie av språkskifte i ei migrantgruppe i Brasil viser Bortoni-Ricardo (1985) at det ikkje er tilstrekkeleg å måle tettleiken og multipleksiteten i dei individuelle nettverka, men

også kor integrerte eller isolerte nettverka er.[53] Andre har peikt på at også frekvensen, varigheita og intensiteten i ulike sosiale kontaktforhold er element som bør inkluderast i ein nettverksindeks, slik at ein kan få eit meir nyansert bilete av nettverksstrukturen til den enkelte (jf. Mæhlum 1992).

Nettverksteorien er heller ikkje forsøkt operasjonalisert i form av nettverksindeksar eller liknande i mi gransking, men blir meir brukt som eit teoretisk bakteppe for å forstå dei språklege vala til informantane på Røros og Tynset. Eg har likevel bede dei unge informantane om å teikne eit nettverkskart der dei skulle markere kvar personane i nettverket deira kom frå (jf. kap. 7, pkt. 7.1.2.4, vedlegg 7.4). Denne informasjonen blir brukt i den vidare analysen, men ikkje i form av direkte måling av forholdet mellom nettverk og språkbruk.

5.4 Stad, identitet og tilhørsle

Identitet er eit abstrakt og på mange måtar temmeleg uhandterleg omgrep, som har det med å skli vekk mellom fingrane på ein når ein prøver å konkretisere det empirisk. Korleis kan ein operasjonalisere eller *måle* identitet? Er eit individ sin omskiftelege identitet i det heile tilgjengeleg for empirisk observasjon? Når kan vi seie at "her har vi sett ein bestemt identitet"? Kort sagt, korleis kan vi gjere identitet tenleg og mogleg å oppfatte empirisk?

Både tilpassingsteorien og nettverksteorien prøver, som vi såg ovafor, å konkretisere identitet ved å sjå på tilhørsleforhold av ulike slag. Tilhørsle til, identifikasjon med eller orientering mot ulike sosiale grupper er sentrale delar av den sosiale, eller den generiske og kvalitative, identiteten til eit individ og er på den måten viktige faktorar å gripe fatt i når ein ønskjer å "måle identitet". Med utgangspunkt i identitetsprojeksjonsmodellen kan ein dessutan seie at val av språkleg kode har ein vital funksjon i å signalisere sosiokulturell tilhørsle, eller i alle fall ønske om tilhørsle. Det gjeld både tilhørsle til ulike sosiale grupperingar og ikkje minst til bestemte lokalitetar.

Ein dialekt – i tydinga geolekt, dvs. ein territorialt avgrenseleg kode – blir gjerne oppfatta som eksklusiv for ein bestemt lokalitet og har på den måten ein klar geografisk

[53] Eit isolert nettverk er karakterisert ved at kontakten med opphavlege verdiar og samlivsformer er sterk, medan integrerte nettverk er karakterisert ved at kontakten med det opphavlege er svakare, og nye verdiar og livsformer har teke over.

markeringsverdi (jf. Mæhlum 2002). Dialekten blir gjerne sett på som det fremste uttrykket for eit individ si tilhørsle til eller identifikasjon med ein bestemt *stad.* For at min eigendefinerte identitet som sunnmøring skal ha sosial relevans, må den relasjonelle dimensjonen bli aktivisert. Det vil seie at ein må bli sosialt definert og tilskriven ein stad- identitet også av andre gjennom dei kjenneteikna på ei slik tilhørsle som ligg føre. Her spelar språket ei heilt spesiell og essensiell rolle.

Tilhørsle til ulike ungdomsgrupper er ein av dei sosiale kategoriane eg vil sjå språkbruken blant ungdom på Røros og Tynset opp mot i denne avhandlinga (jf. kap. 6, pkt. 6.2.8). Ein annan sentral dimensjon er grad av tilhørsle til og identifikasjon med *staden* eller *lokaliteten* og med lokale tradisjonar og verdiar. Som motsetnad til ei sterk lokal tilknyting står gjerne orientering mot og identifikasjon med meir urbane og moderne verdiar og livsstilar (jf. kap. 6, pkt. 6.2.9).

I tilknyting til orientering og tilhørsle står den såkalla etnolingvistiske vitaliteten til ein stad heilt sentralt (jf. Giles m.fl. 1977). Omgrepet etnolingvistisk vitalitet er først og fremst ein psykologisk storleik som viser til kor positivt eller negativt individet opplever det å vere frå ein bestemt stad. Det å skulle operasjonalisere ein slik psykologisk dimensjon er som regel problematisk, men Giles, Bourish & Taylor (1977), som introduserte omgrepet, har utarbeidd ein vitalitetstaksonomi som kan brukast for å måle den etnolingvistiske vitaliteten til ein stad. Taksonomien inkluderer ei rekkje vilkår som først og fremst gjeld sosiale makrostorleikar som stadens sosioøkonomiske og sosiohistoriske status, demografiske forhold og institusjonell støtte.[54] Hegning kring det lokalt særeigne og dyrking av lokale opphavsmytar ved t.d. historiske bygdespel, bygdebokskriving, eigen bunad osb. er også ein type ytre symbolbruk som kan seie noko om den etnolingvistiske vitaliteten til ein stad (jf. Mæhlum 1994). Men ein kan også få innblikk i graden av etnolingvistisk vitalitet på det sosiale mikroplanet – t.d. ved å sjå på individets haldningar til heimplassen. Både eksplisitte og meir eller mindre implisitt uttrykte haldningar til staden seier noko om kva for forhold individet har til staden, og om han

[54] For eit oversyn over denne taksonomien og ein grundigare presentasjon av modellen sjå Giles m.fl. (1977), og for ein diskusjon av modellen og bruk på norske forhold sjå Mæhlum (1994). Modellen har vorte kritisert for å vere for *enkel* i høve til dei komplekse fenomena den prøver å skildre og forklare. Mæhlum (1994:176) tilbakeviser likevel denne kritikken med å seie at den botnar i eit meir eller mindre eksplisitt positivistisk forskingsideal. Alle taksonomiar står i prinsippet i fare for å øve vold på røyndomen, dersom ein med dei meiner å ha funne eit endeleg sett statiske parameter som kan fungere som endelege årsaksforklaringar. Det gjer likevel ikkje modellen til Giles m.fl. (1977).

eller ho opplever det som positivt å vere frå denne bestemte staden. Høg grad av etnolingvistisk vitalitet skaper etter teorien sterk samkjensle og språkleg konformitet innetter i den aktuelle grupperinga, og er på den måten ei sentral kraft i overlevingsevna til ei lingvistisk gruppering. Kjensle av tilhørsle til det sosiale fellesskapet fører med andre ord til ei form for kollektiv språkleg åtferd.

5.4.1 Kva er ein stad?

> Physically delimited areas – spaces – are not places unless they have meaning for people as distinct from other places (Johnstone 1999a:516).

Ein *stad* i ei eller anna form – vere seg nasjon, region, eller ein lokalitet som ein by, ei bygd eller eit nabolag – er eit av dei mest brukte korrelata for lingvistisk variasjon. Innafor store delar av dialektologien og variasjonslingvistikken har *staden* vore forstått og konseptualisert som ein konkret, objektiv fysisk storleik. Men ein *stad* er vel å merke eit nokså komplekst omgrep, som har vore mykje diskutert innafor samfunnsgeografien og antropologien (jf. t.d. Entrikin 1991, Massey 1994, Thuen 2003, Mæhlum, Slettan & Stugu 1999, Johnstone 1999 b).

Gjennom det meste av 1900-talet var det den naturgeografiske og essensialistiske forståinga av kva ein stad er, som dominerte blant geografar (jf. Entrikin 1991). Etter denne forståinga er ein stad per definisjon ei avgrensing i det geografiske rommet som det er mogleg å finne att på eit kart. I løpet av 1970-talet skjedde det ei dreiing innafor geografien, som innafor store delar av den postmoderne samfunnsteorien, mot ei meir konstruktivistisk og fenomenologisk basert forståing av kva ein stad er (jf. oppdelinga av geografifaget i ulike deldisiplinar som etnografisk geografi, kulturgeografi, økonomisk geografi, samfunnsgeografi osb.). Ifølgje ei meir konstruktivistisk forståing er ein stad primært ein meiningsfull kontekst for menneskeleg samhandling (jf. Entrikin 1991:10). Staden er altså, etter denne forståinga, ikkje først og fremst fysisk gitt, men har primært eit sosialt og kulturelt innhald (jf. den distinksjonen humanistisk orienterte geografar gjerne gjer mellom fysiske rom og kulturelle stader). Mange geografar vil likevel meine at ein stad *både* er ein fysisk og ein kulturelt definert kategori, og argumenterer dermed for eit stadsomgrep som inkorporerer både materielle og opplevingsmessige aspekt (jf. t.d. Tuan 1977, Entrikin 1991). Den finske geografen Anssi Paasi (1986:111) definerer t.d. ein stad som:

> […] a phenomenon that is structured in the process of one's everyday life and hence is based on the day–to–day practices of individuals. The essence of place is said to lie in a "sense of place", a largely unselfconscious feeling of belonging to *one*'s place. […] In this way place is based on the lifeworld and everyday actions of the individual. It is a perpetual, personal interpretation of the meanings emerging from time-space specific situations in one's everyday practices.

Samanhengen mellom stad og tilhørsle er, etter denne forståinga, gjerne fleirtydig og av varierande vekt. Staden varierer både i utstrekning og som basis for identitetsmessig tilknyting, og må forståast som ein situasjonell og relasjonell storleik. Slik Thuen (2003:17) seier det, kan vi ikkje berre spørje kva staden "er", men vi må også spørje "for kven" og "i kva for samanhengar". Ein språkbrukar vil ut frå eit slikt perspektiv vere ein aktiv medskapar av staden gjennom si oppleving av det fysiske og sosiale rommet. Det inneber at ulike språkbrukarar – lingvistisk sett – vil kunne orientere seg mot staden på svært ulike måtar og med svært ulike føremål. Dette går ikkje minst fram i Johnstone (1999a) si forsking blant kvinner i Texas. Her viser ho korleis texanske kvinner skaper og orienterer seg mot ulike forståingar av kva det vil seie å vere texanar – noko dei også markerer lingvistisk.

Eckert (1989, 2000) og andre har vist at dei mest sentrale sosiale kategoriane for lingvistisk variasjon ikkje nødvendigvis samvarierer på nokon beinvegs måte med demografiske fakta, og at det å vere kvinne eller svart kan vere – i alle fall delvis – kulturelt definert. Men det er ingen tradisjon innafor dialektologien eller sosiolingvistikken for å rekne stadstilhørsle som ein emisk, kulturelt definert kategori. Viss ein likevel går ut ifrå at ein stad ikkje berre er ein fysisk, men også ein kulturell storleik, er det rimeleg å vente at det å vere t.d. rørosing, tynseting eller det å vere frå ein liten plass kontra ein stor by, kan bety svært ulike ting for den enkelte og gi ulike lingvistiske utslag. Dette opnar for at ein bør prøve å kombinere ei *etisk* med ei meir *emisk* tilnærming til dette feltet (jf. meir om omgrepsparet emisk–etisk i pkt. 5.5.4 nedafor).[55]

Det å identifisere nokon med ein konkret stad kan brukast til å etablere sosiale identitetar. Vi plasserer gjerne individ i det sosiale rommet ved å tilskrive dei tilhørsle i det

[55] Omgrepsparet *emisk–etisk* refererer kort sagt til to ulike innfallsvinklar til studiet av samfunnsmessige fenomen. Ein *emisk* innfallsvinkel vil seie at ein tek utgangspunkt i sjølvforståinga til respondentane, og prøver å ta deira perspektiv. Ein såkalla *etisk* innfallsvinkel representerer derimot ein meir distansert og abstrakt teoretisk analyse av ei respondentgruppe. Slik eg vil kome attende til i pkt. 5.5.4 nedafor, forsøker Bourdieu å overskride denne motsetnaden mellom emisk og etiske innfallsvinkar, og i noko vidare forstand den tradisjonelle dikotomien mellom subjektivisme og objektivisme.

geografiske landskapet (jf. Thuen 2003:11). Giddens og andre hevdar likevel, som tidlegare nemnt, at folk i aukande grad orienterer seg mot såkalla livsstilsenklavar snarare enn mot lokalitetar. Fysiske stader blir hevda å vere mindre viktige som kjelde for etablering av individuelle identitetar enn det pla vere (jf. Giddens 1991:147). Denne teoretiske påstanden finn støtte hos Ellen Johnson (1996), som viser at kulturelle og psykologiske faktorar har erstatta region eller opphavsplass som den beste måten å gjere greie for utbreiinga av visse leksikalske variantar i Sørstatane i USA (her etter Johnstone 1999b). Andre granskingar viser likevel at staden – lokaliteten – framleis er viktig for den enkeltes identitetsdanning (jf. t.d. Hannerz 1996). Også Giddens (1991:147) seier at folk på enkelte punkt forsøker å "re-embed the lifespan within a local milieu", som t.d. ved å forsøke å kultivere lokal stoltheit og lokalpatriotisme. Folk si kjensle av å vere *heime* i eit område stammar ifølgje geografen Robert Mugerauer delvis frå eksistensen av eit felles språk – ein felles dialekt – og måtar å snakke på som skaper og reflekterer ei felles oppleving av staden (jf. Johnstone 1999b). Både eldre og nyare sosiolingvistisk forsking har vist korleis ulike talemåtar kan indeksere det å vere frå og høyre til ein lokalitet, og korleis slike signal på det å vere lokal kan fungere. Labov (1963) demonstrerte dette tidleg i sin studie av Martha's Vineyard, og seinare har både Bailey (1991) og Montgomery (1993) vist korleis enkelte trekk kan bli symbol på lokal identitet, og korleis desse trekka dermed har vorte bevarte og til og med har spreidd seg i situasjonar der lokalsamfunn opplever massiv turisme eller stor innflytting utanfrå. Lokal kultur og lokalt prega uttale kan dessutan bli ei viktig salsvare for lokalitetar som opplever overgang frå t.d. ein fiskeribasert til ein turismebasert økonomi (som i tilfellet med Martha's Vineyeard, jf. også Schilling-Estes 1998). Det same ser ein også i franskspråklege område i Canada der tradisjonell industri har vorte erstatta av serviceinstitusjonar som "call-senter" (som legg vekt på den tospråklege kompetansen), eller turisme basert på såkalla "heritage routes" (som legg vekt på det opphavlege og ekte bl.a. representert vha. språket) (jf. Heller 2004). Turisme som baserer seg på å selje det spesifikt lokale, gjer gjerne strategisk bruk av lokal nostalgi og reklamerer med tradisjon, historie og ektheit. Eit godt døme på dette kan ein finne i ein fire siders annonse for Røros i flybladet *På Norske Vinger* (2000) der tittelen er: "Røros – med røttene i grunnfjellet" – kan det bli meir ekte?[56]

[56] I annonsen legg dei likevel både vekt på det historiske og ekte og på det moderne, effektive og komfortable. På Røros opplever du ifølgje reklamen både lavvo og luksus, stuggu og storsal: "Her kan du oppleve alt fra

Sidan ein stad representerer eit sosialt og kulturell innhald, indekserer også den dialekten som er knytt til ein bestemt stad, bestemte sosiokulturelle verdiar som i utgangspunktet er knytt til denne geografiske lokaliteten. Kva for verdiar dette er, og kva for verd desse verdiane har for den enkelte, vil nok variere, men ein del førestellingar og stereotypiar vil ganske sikkert også vere felles. Det å vere rørosing, eller trønder, ber i seg visse fellesførestellingar og kollektive mytologiar, men også individuelle fortolkingar. Kor vidt det er positivt eller negativt å vere ein typisk eksponent for t.d. rørosingen eller trønderen, vil sjølvsagt variere med individets kulturelle orientering elles. Men i mange tilfelle kan det nok oppstå ein diskrepans mellom dei verdiane som gjerne blir tillagt personar frå visse geografiske område, og dei verdiane ein person sjølv ønskjer å formidle. Dette kan i seg sjølv vere grunn god nok til å ville fjerne seg frå den lokale dialekten.

Slik Mæhlum (2002:77) peiker på, er ein stad i seg sjølv, både som fysisk lokalitet og som sosial eining, ein storleik som knyter fortida, notida og framtida saman. Den *temporale* dimensjonen er såleis også ei sentral side ved staden. Staden er ei scene, ei erfarings- og referanseramme vi deler med fortida. Staden representerer på den måten kontinuitet og er ein formidlar av tradisjon. Denne kontinuiteten er nok eit bindeledd mellom ein stad og folks identitet sidan eins tidlegaste opplevingar vanlegvis finn stad i ein konkret lokalitet, og ettersom kvardagslivet vanlegvis går føre seg i ein lokal kontekst, og lokale sosial relasjonar vanlegvis går føre seg ansikt–til–ansikt (jf. Hannerz 1996:26f). Den dialekten som opphavleg er knytt til ein bestemt stad eller lokalitet vil, slik Mæhlum (2002) seier det, ha eit vesentleg potensiale i å stå fram som det språklege uttrykket for denne kontinuitets-, ektheits- og tradisjonsdimensjonen ved staden. Den rolla dialektar har som tradisjons- og ektheitsmarkørar, og den sosiokulturelle signalfunksjonen og kunngjeringskrafta som potensielt ligg i dialektar, er kanskje først og fremst viktig innetter blant dei folka som bur på ein aktuell plass. Men den er også viktig utetter overfor andre grupperingar for blant anna nettopp å synleggjere tilhørsle til bestemte geografiske lokalitetar og/eller assosiasjon med bestemte sosiokulturelle verdiar.

---

hundesledekjøring og lunsj i en lavvo på vidda, til topp utstyrt møtesal for 550 mennesker med påfølgende gourmetmiddag".

5.4.2 Kva er ein region?

> Regions are now increasingly often understood as socially and culturally constructed categories, typically historically contingent entities, and at times as 'discursive formations', which emerge from communication and social action and of course cannot be inevitably reduced to immediate 'percepts'. Nevertheless, different ideas of region still exist. (Anssi Paasi 1996b:94).

Spørsmålet om det skjer ei språkleg regionalisering av norske talemål og om det er i ferd med å vekse fram meir regionalt baserte talemål, aktualiserer spørsmålet om kva ein region *er* og kva regional identitet *er*. Det reiser vidare spørsmålet om det er slik at lokalitetar i aukande grad er i ferd med å misse sin status som primære identifikasjonsobjekt, og at folk i aukande grad identifiserer seg med større regionar. Kan i tilfellet ei slik identitetsmessig dreiing vere med på å forklare ei eventuell språkleg regionalisering? Eller er det snarare slik at ei eventuell språkleg regionalisering kan brukast som argument for at ei slik identitetsmessig dreiing er i ferd med å finne stad? Etter mi meining er det mest sannsynleg begge delar. Viss ein vil unngå "språk reflekterer samfunnet"-modellen og det Cameron (1990) kallar for "the organic fallacy" (jf. pkt. 5.1 ovafor), er det openbert at ein må forstå samanhengen mellom ei eventuell samfunnsmessig og identitetsmessig regionalisering på den eine sida og ei eventuell språkleg regionalisering på den andre som dialektisk. Sambandet mellom språk og identitet er på same måten dialektisk (jf. pkt. 5.3.1 ovafor). Eit anna spørsmål er om det er meir rimeleg å tolke ei eventuell språkleg regionalisering som eit uttrykk for ein slags regional motstand mot nasjonale og globale standardiserande og homogeniserande krefter – og altså *ikkje* som eit uttrykk for at lokalitetar og stadar nødvendigvis har vorte mindre viktige i folks liv. Dette er spørsmål eg vil kome nærare attende til i slutten av avhandlinga (jf. kap. 11), men dei forklarar bakgrunnen for at det er nødvendig å sjå nærare på kva som ligg i omgrepa *region* og *regional identitet*.

Omgrepa *region*, *regionalisering* og *regionalisme* har dei seinare åra vorte svært populære og blir mykje brukte både i den nasjonale og internasjonale politiske og økonomiske diskursen. Ikkje minst har ekspansjonen av Den Europeiske Unionen sett regionane og deira rolle på det politiske agendaen. *Region* er såleis på same måte som *stad* og *lokalitet* eit omgrep som blir brukt både i daglegtalen og i vitskaplege samanhengar. Men vi forstår ikkje nødvendigvis det same med denne termen innafor dei to sfærane, og omgrepet kan også ha

ganske ulikt innhald alt etter kva for vitskapleg ståstad ein har – der essensialistiske og meir konstruktivistiske synsmåtar representerer ytterpunkta (jf. diskusjonen kring kva ein stad er, pkt. 5.4.1). Regionar kan ha svært ulik geografisk utbreiing og sosiokulturell funksjon, og kan på den måten gjerne oppfattast som noko diffuse og abstrakte. Nokre regionar er samanfallande med politisk fastsette område, medan andre går på tvers av nasjonalstatar, fylke og kommunar. Det er t.d. vanleg å snakke om Norden som ein region og likeeins om Øresund-regionen, samtidig som ein snakkar om Trøndelagsregionen, Fjellregionen og Rørosregionen. I daglegtalen er det gjerne vanleg å oppfatte regionar som eit territorielt avgrensa område *innafor* ein nasjon. Men det er også vanleg å bruke termen om større overnasjonale område som fell utafor staten, men innafor ei anna større eining. Øresundregionen er t.d. eit område som både er ein region innom kvar av nasjonalstatane Sverige og Danmark, men som også står i ei mellomstilling mellom desse nasjonalstatane og Den Europeiske Unionen. Norden som region står på si side klart mellom nasjonalstaten og verdsdelen Europa (eller EU). Ein region blir ofte oppfatta som eit *mellomnivå* i eit hierarki av sosialt konstruerte plannivå (jf. Hårstad 2004:46, Paasi 1996b:98).

Innafor den tidlege regionalgeografien vart stadar og regionar, i tråd med opplysnings-tidas realistiske og rasjonalistiske vitskapssyn, definerte ut frå ein essensialistisk tankegang der fysiognomien til eit område, dvs. områdets unike uttrykk, utsjånad eller karakter, var det sentrale (jf. Lysgård 2004). Nokre geografar baserte seg vel å merke ikkje berre på fysiske naturfenomen i avgrensinga av stadar og regionar, men også på menneskets rørsler i og tilpassing til omgivnadene. I andre halvdel av 1800-talet utvikla det seg to retningar innafor regionalgeografien; for det første ei naturdeterministisk forståing av korleis naturgrunnlaget formar menneske og samfunn, og for det andre den regionale syntesen av natur og samfunn. Etter kvart vart det likevel reist spørsmål ved regionens essensielle status og det vart hevda at regionens eksistens berre kan forståast som menneskeskapt, dvs. som ein sosial konstruksjon. Den essensialistiske forståinga av kva stadar eller regionar er, har som nemnt ovafor, vorte erstatta av meir konstruktivistiske forståingar (jf. sitatet frå Paasi ovafor og pkt. 5.4.1). Ifølgje Lysgård (2004) finst det tre former for regionar dersom vi sorterar etter kva for *rolle* og *intensjon* regionen har som samfunnsfenomen:

> *Den metodiske region* – ramme for å systematisere, klassifisere og analysere ulike samfunnsfenomen

Den politiske region – politisk reiskap, hjelpemiddel i samband med politikkutforming og administrasjon (jf. kommunar, fylke)

Den identifiserande region – aspekt i folks identitetsutforming

Den siste forma for region er særleg viktig i denne samanhengen – altså den rolla regionen fyller som identifikasjonsobjekt. Ved å relatere seg til det geografiske området ein kjenner seg heime i, kan ein fortelje andre kven ein er eller ikkje er. Både stadar, regionar og nasjonar er geografiske kategoriar individet bruker i si sjølvidentifisering overfor andre individ og grupper, og som blir brukte i andres alterdefinering av individet (jf. pkt. 5.3). Dei tre rollene regionen kan ha som er nemnde ovafor, er ikkje gjensidig utelukkande, men glir ofte i kvarandre på ulike måtar. Likevel treng dei ikkje vere samanfallande. Ein identifiserande region treng t.d. ikkje vere samanfallande med ein politisk region. Vestlandet, Sørlandet og Nord-Noreg er ikkje politiske regionar, men blir ofte brukte når vi nordmenn skal fortelje kvar vi kjem frå og kven vi er.

Den politiske regionen blir ofte også kalla for *administrative*, *økonomiske* eller *funksjonelle* regionar. Kommunar og fylkeskommar er typiske døme på slike funksjonelle eller politiske regionar. Den identifiserande regionen blir på si side ofte referert til som *kulturell*, *historisk, mental* eller *opplevd* region. Ifølgje Salomonsson (1996:15) byggjer denne typen regionar på felles historie, språk og religion, likskap i kulturelle uttrykksformer og vurderingar, og på sosiokulturell samkjensle blant innbyggjarane. I mange tilfelle kan kulturelle identitetsregionar gå på tvers av politiske funksjonsregionar. Etablering av kulturelle identitetsregionar tek vel å merke tid. Kulturelle, mentale eller identifiserande regionar veks ikkje fram som direkte resultat av "et klubbeslag eller en traktatundertegning" (Hårstad 2004:171).

Korleis regionar blir til, endrar seg og forsvinn og kva for mekanismar og praksisar som er involverte i desse prosessane, er eit kjernespørsmål innafor regionalgeografien. Geografen Anssi Paasi har introdusert ideen om *institusjonalisering av regionar* for å synleggjere korleis denne prosessen går føre seg. Paasi (1986:121, 1996a:33) framhevar fire stadium, som vel å merke ikkje treng å følgje kvarandre, i etableringa av ein region:

> 1) assumption of territorial shape, 2) development of conceptual (symbolic) shape, 3) development of institutions, and 4) establishment as part of the regional system and regional conciousness of the society concerned.

Paasi (1986) skil vidare mellom *stad* og *region* ved å knyte staden til det enkelte individet sin livsfase, medan regionen er ein institusjonell konstruksjon med eit lengre tidsspenn. Staden er altså knytt til det konkrete individet og regionen til den kollektive historieforståinga. Passi 1986:113f) seier:

> Instead of the mancentred category of place, a region is interpreted as a category with an explicit *collective dimension* which represents institutional practices and the *history of the region*, not the history of the individual as a place does. A region is mediated in our everyday life in the form of various symbols.

Konseptualiseringa og institusjonaliseringa av ein region er med andre ord ein "[…] socio–spatial process during which some territorial unit emerges as a part of the spatial structure of a society and becomes established and clearly identified in different spheres of social action and social consciousness" (Paasi 1986:121). Slik det går fram av denne forståinga av regionar, er dei i høgste grad dynamiske og omskiftelege einingar som er eit resultat at stadig igangverande prosessar. På same måte kan ein seie at regionalisering må forståast som ein stadig vedvarande prosess, og at dei språklege produkta av denne prosessen ikkje kan forståast som endelege, men som mellombelse produkt. Eventuelle regionale talemål må derfor også sjåast på som temporære storleikar som er i stadig rørsle (jf. kap. 3, pkt. 3.2.3.2).

Sør-Trøndelagregionen, Nord-Østerdalregionen og Fjellregionen er døme på regionar som først og fremst må seiast å vere politiske eller funksjonelle regionar, men som også byggjer på felles historie og kultur (jf. kap. 2 pkt. 2.3). Men der Sør-Trøndelagregionen er samanfallande med fylkesinndelinga, utgjer Nord-Østerdal-regionen eit mindre område innafor Hedmark fylke. Fjellregionen, derimot, inkluderer kommunar frå begge fylka og går såleis på tvers av fylkesgrensene. Denne regionen representerer dermed eit mellomnivå mellom kommune og fylke. Røros og Tynset kommune høyrer til kvar sine fylke – høvesvis Sør-Trøndelag og Hedmark (nærare bestemt Nord-Østerdalen), men er begge med i fjellregionssamarbeidet og høyrer såleis inn under Fjellregionen (jf. kap. 2, pkt. 2.3).

Omgrepet *Fjellregionen* er problematisk blant anna fordi det er vanskeleg å stadfeste til eit bestemt territorium, sidan namnet er felles for fleire område både i og utafor Noreg (jf. stadium 1 og 2 hos Paasi). Eit av dei viktigaste symbola for ein region er slik Paasi (1996a:35) ser det, nettopp *namnet* til den aktuelle regionen. Det finst fleire fjellregionar i Noreg. Berre i

Sør-Noreg er det fem område som inngår i det såkalla fjellregionsamarbeidet. Desse er igjen knytt til eit større europeisk fjellregionsamarbeid. Truleg derfor bruker regionrådet for Fjell-regionen undertittelen *Nord-Østerdalen & Rørosområdet* (jf. http://www.fjellregionen.no/ 2004). Kulturelt sett er Fjellregionen ein nokså skjør konstruksjon. Sjølv om området har ein del felles historie, inkluderer likevel regionen område som tradisjonelt har vore svært ulike kulturelt sett, der vi t.d. finn att den klassiske opposisjonen mellom arbeidarkultur på den eine sida og bondekultur på den andre. Medan rørosområdet tradisjonelt har vore prega av ein typisk industri- og bergverkskultur, har Nord-Østerdalen i hovudsak vore prega av ein jordbrukskultur med djupe røter i bondesamfunnet. (jf. kap. 2).

Dersom ein region er svakt institusjonalisert og relativt lite fokusert, reagerer mange med å stille spørsmål ved regionens "eigentlege eksistens". Ifølgje Lysgård (2004) botnar eit slikt spørsmål i ei essensialistisk forståing av fenomenet region. Spørsmålet er ikkje om eit territorium kan kallast ein region eller ikkje, men i kva for *meining* det kan kallast ein region, dvs. kva for rolle og intensjon regionen har. Gjennom dei ulike intensjonane eksisterer regionane som sosialt konstruerte kategoriar og kan forståast som sosiale produkt.

Spørsmålet her blir med andre ord kva for funksjon(ar) Fjellregionen, Nord-Østerdals-regionen, Austlandsregionen og Trøndelagsregionen har for innbyggjarane i desse områda, og framfor alt om det er rimeleg å tru at nokon av desse regionane fungerer som viktige identifikasjonseiningar for rørosingen og tynsetingen. Er det vidare rimeleg å tru at den eine eller den andre av desse regionane skulle ha vorte viktigare som identifikasjonsobjekt enn dei lokale bygdene?

5.4.3 Regional og lokal identitet

Spørsmålet om regional og lokal identitet ber i seg i alle fall to ulike dimensjonar: for det første *regionen eller lokaliteten sin identitet* og for det andre *innbyggjarane si regionale eller lokale identitetskjensle*. Identiteten til ein stad – vere seg ein lokalitet eller region – er først og fremst ein teoretisk konstruksjon, som ikkje nødvendigvis har ein framtredande plass i folks kvardagsliv. Gjennom sosial praksis kjem likevel regional og lokal identitet til uttrykk på ulike måtar. Paasi (1986:131) seier:

> In social practice, regional and place identity are realized in different forms depending on the historical, time-space specific, manner in which language and its expressions is used to depict the relationship concerned.

I denne samanhengen er det først og fremst folk si regionale *identitetskjensle* som er av interesse, og ikkje identiteten til ein region eller lokalitet, sjølv om dei to nivåa sjølvsagt heng saman. I tilknyting til regionsomgrepet finn vi også termane *regionalisering* og *regionalisme*. Innafor regionalgeografien blir regionalisering gjerne forstått som ein prosess som ikkje viser til ein konkret region, men som handlar om den tidsmessige og romlege organiseringa av sosial interaksjon i meir omfattande sosiale system (jf. Lysgård 2004). Regionalisering blir dessutan ofte sett i opposisjon til regionalisme. Der regionalisering gjerne blir oppfatta som ein prosess som er initiert og styrt ovanfrå av ei eller anna sentral styresmakt, blir regionalisme gjerne forstått som ein lokalt initiert og organisert prosess, som vekkjer sosialt medvit og patriotisme kring ei større eining enn den lokale staden (jf. Pedersen 1996:75). Kjensla av tilhørsle til og identifikasjonen med ei slik større regional eining er likevel ofte meir flytande og kontekstavhengig enn den meir lokalt funderte. Det er lite truleg at folk har like sterk kjensle for den regionen dei kjem frå, som for den bygda, byen eller bydelen dei kjem frå. Den regionale identiteten fungerer snarare som ei slags drakt ein tek på seg når ein reiser ut av sin eigen region. Eller som Salomonsson (1996:18) så illustrerande seier det:

> Det är först i Småland eller i Stockholm som blekingen påminner sig sin blekingska härkomst (dvs när hans blekingskhet konfronteras), det är där han gestaltar rollen som bleking och försöker motsvara de förväntningar som han tror ställs på blekingar. När han däremot vistas på hemmaplan i Lyckeby eller Karlshamn betyder inte Blekinge något särskilt för honnom: Det bara finns där som en självklar omramning och horisont.

Sidan den regionale identiteten på denne måten er noko folk i større grad kler på seg i særskilde høve, og ikkje utgjer eit så viktig identifikasjonsobjekt som staden, åtvarar bl.a. Salomonsson (1996) og Paasi (1986, 1996b) mot ei overtolking av den regionale identitetens tyding for folk. Den lokale, stadbundne identiteten blir ofte opplevd som viktigare og meir konkret enn den regionale identiteten og er på eit meir grunnleggjande vis forbunde med individet si identitetsutforming. Den lokale identiteten er framfor alt knytt til kjensla av å høyre til i spesifikke fysiske og sosiale omgivnader, der emosjonelle og sensoriske minne om hendingar, lukter, smakar og lyd spelar ei vesentleg rolle.

Det er utan tvil ein nær slektskap mellom lokal, regional og nasjonal identitet. Men der den lokale identiteten og tilhørsla utgjer ein fundamental del av folks kvardagsliv, er den

regionale og nasjonale identiteten i større grad noko som må aktiverast (f.eks. ved nasjonale eller internasjonale idrettsstemne, som når Rosenborg og Brann konkurrerer i cup-finalen, når vestlendingar og nordlendingar møtest, eller når nordmenn reiser utanlands). På den måten kan regional og nasjonal identitet seiast å fungere meir på det *symbolske* planet og som eit tilskot i særskilde samanhengar, enn som sentrale element i identitetsutforminga til individet.

5.5 Metode

Spørsmålet om kva for metode ein skal bruke ved eit sosiolingvistisk endringsstudium, er først og fremst avhengig av kva for forskingsspørsmål ein stiller og dermed ønskjer å få svar på. I denne komparative studien av dialektnivellering på Røros og Tynset er spørsmåla mange og fleirsidige (jf. kap. 1). Eg er for det første interessert i kva for dialekttrekk som blir nivellerte på dei to plassane, og om denne nivelleringa kan seiast å inngå i ei vertikal, semi-vertikal eller horisontal dialektnivellering, og vidare om den språklege nivelleringa på dei to plassane kan knytast til fenomenet språkleg regionalisering (jf. kap. 1 og 3, pkt. 3.2.3). Eit viktig spørsmål i den samanhengen er kva den geografiske og sosiale utbreiinga av eit dialekttrekk har å bety for kor resistent trekket er (jf. nullhypotesen i kap. 1, pkt. 1.1.3). Eg er også interessert i om det er nokon systematikk i kva for rekkjefølgje ulike dialekttrekk blir nivellerte. Det neste spørsmålet er om dialektutviklinga på Røros og Tynset går i same eller i ulik retning. Eg er dessutan interessert i kva for sosiale korrelat dialektnivellering har. Blir nokre trekk nivellerte meir i enkelte sosiale grupper enn i andre? Har nokre trekk ei særskild sosial kunngjerings-kraft? Korleis er relasjonen mellom dei ulike språklege og sosiale variabelkategoriane samla sett? Er det slik at bestemte språklege praksisar knyter seg til bestemte sosiale felt, og korleis kan ein eventuelt forstå slike ulike språkleg-sosiale praksisfelt? Eit slikt breitt spekter av spørsmål innbyr til bruk av fleire ulike metodiske innfallsvinklar både ved innsamling og ved analyse av data. I det følgjande vil eg kort presentere dei ulike metodane som blir brukte i analysen av datamaterialet. Metodiske vurderingar som gjeld innsamling av materialet vil bli diskuterte i kapittel 7. Først vil eg likevel ta føre meg nokre meir overordna problemstillingar og vurderingar med omsyn til metode.

5.5.1 Kvalitative og kvantitative metodar

Omgrepa kvalitativ og kvantitativ metode refererer til ulike prinsipp og ideal for innsamling og handsaming av data. Forholdet mellom dei to tilnærmingsmåtane har til tider vore prega av stor splid og skarpe motsetnader. Dei velkjende påstandane "if you can't count it, it doesn't count" og "if you can count it, that ain't it", illustrerer denne metodiske konflikten (jf. Grønmo 1998:73). Motsetnadene mellom dei to metodane kjem tydelegast til uttrykk på det vitskapsteoretiske nivået, der positivistiske og fenomenologiske vitskapsideal står i skarp kontrast til kvarandre. Synet på og kravet til *kva* som er vitskapleg, er diametralt motsett innafor desse to retningane. Men på disiplinnivå er oftast ikkje motsetnadene så tydelege. I praksis blir gjerne *begge* metodane brukte i arbeidet med eitt og same forskingsprosjekt.[57] Den mest vanlege forma for såkalla *metodetriangulering* er å førebu eit større kvantitativt studium med eit kvalitativt pilotprosjekt. Ein noko mindre vanleg kombinasjon er å følgje opp ei kvantitativ gransking med eit kvalitativt studium (jf. Grønmo 1996:99ff).

Den forma for triangulering som har vore mest vanleg innafor den labovske sosiolingvistikken, er å gjere bruk av ulike metodar i ulike delar av forskingsprosessen. Innsamlingsteknikkane har i stor grad vore inspirerte av kvalitative, sosiologiske metodar, medan handsaminga av data i all hovudsak har vore kvantitativt orientert. Når det gjeld innsamling, står det såkalla sosiolingvistiske intervjuet i ei særstilling (jf. Labov 1984:32-33). Dette er truleg den aller mest brukte innsamlingsmetoden ved sosiolingvistiske variasjons- og endringsstudium (jf. vidare diskusjon i kap. 7, pkt. 7.1.2.1). Målet med analysen har oftast vore å kome fram til kvantifiserbare korrelasjonar mellom variable språklege einingar og sosio-demografiske forhold. Bruk av statistiske analysemetodar som kan inngå i taksonomiske korrelasjonsstudiar, har derfor vore svært framtredande innafor den labovske tradisjonen.

Ein annan strategi, som også er aktuell for sosiolingvistisk forsking, er å gjere bruk av ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative metodar *parallelt* både under innsamling og handsaming av data. Det er denne forma for triangulering eg vil forsøke å nytte i denne granskinga av dialektnivellering på Røros og Tynset. Den kombinerte bruken av dei to metodane kjem likevel mest tydeleg til uttrykk på det analytiske nivået, dvs. i handsaminga av

[57] For grundigare diskusjon av forholdet mellom kvalitative og kvantitative metodar generelt sjå t.d. Grønmo (1996), og for diskusjon av bruken av desse metodane i sosiolingvistikken sjå t.d. Mæhlum (1992) og Røyneland (1994, 1997).

materialet. Ein av grunnane til dette er at motsetnaden mellom dei to tilnærmingsmåtane generelt er mindre når det gjeld datainnsamling enn når det gjeld dataanalyse. Ved datainnsamling er det ofte stor grad av interferens mellom dei to metodane. Likevel har eg også ved innsamlinga av det empiriske materialet gjort bruk av både kvalitative og kvantitative innsamlingsteknikkar ved at eg har brukt ein kombinasjon av spørjeskjema og intervju (jf. kap. 7, pkt. 7.1.2.). Prinsippa for utval av respondentar kan heller ikkje seiast å vere reint kvalitative eller kvantitative.[58] Etter kvantitative ideal bør respondentane vere valde ut etter statistiske seleksjonsprinsipp og vere representative for den aktuelle populasjonen. I motsetnad til eit slikt representativt utval av respondentar vil ein innafor meir kvalitativt orienterte studiar velje ut respondentane *strategisk*. Ingen av desse prinsippa har vorte brukte her. Utvalet er til ein viss grad strategisk, med omsyn til kva for grupperingar eg gjerne ville ha med, men utvalet av kvar individuell respondent er likevel tilfeldig (jf. kap. 7, pkt. 7.1.1.1). Prinsippa for datainnsamling kjem eg som sagt nærare attende til i kapittel 7. I det følgjande vil eg konsentrere meg om kort å presentere og diskutere dei ulike metodane som blir brukte i sjølve analysen av det empiriske materialet.

5.5.2 Variantanalyse

Bivariat korrelasjonsanalyse, der ein set språklege og sosiale enkeltvariablar opp mot kvarandre, er ein av dei mest brukte analysemetodane innafor sosiolingvistiske variasjons- og endringsstudium. Også i mi gransking av dialektnivellering på Røros og Tynset blir denne metoden nytta. Ein stor del av analysen består av ein detaljert gjennomgang og diskusjon av kvar enkelt av dei språklege variablane (jf. kap. 8). Variantfordelinga av dei ulike variablane blir her primært korrelerte med to av dei sosiale variablane nemleg stad (Røros kontra Tynset) og alder (unge kontra vaksne). I tillegg vil eg også sjå på realiseringa av dei ulike språklege variablane hos kvar enkelt informant for på den måten å kunne seie noko om den inter- og intraindividuelle variasjonen ved kvar av variablane. Dei sosiale forklaringane på den

[58] Omgrepa *respondent* og *informant* blir brukte synonymt her. I enkelte framstillingar blir vel å merke respondent brukt når den som blir intervjua, gir informasjon om seg sjølv, medan informant blir brukt når den intervjua gir informasjon om andre. I den sosiolingvistisk faglitteraturen er det likevel mest vanleg å bruke termen informant, sjølv om vedkomande gir informasjon om seg sjølv. Eg vil derfor bruke termane synonymt her.

språklege variasjonen er ikkje noko hovudpunkt i denne delen av analysen, men eg vil likevel sjå nokre av dei språklege variablane opp mot enkelte av dei sosiale variablane. Samvariasjonen og relasjonen mellom det språklege og sosiale nivået er noko som vil bli utdjupa i korrelasjonsanalysen og i informantportretta (jf. kap. 9 og 10).

I variantanalysen vil eg også, ved enkelte av dei språklege variablane, sjå nærare på kva for meir internspråklege forhold som kan tenkjast å ha innverknad på nivelleringa av særskilde trekk. Posisjon i ordet, frekvens og fonetisk kontekst er blant dei forholda som vil bli nærare studert. I den siste delen av denne analysebolken vil eg sjå på om det finst visse einsidige restriksjonar mellom dei ulike språklege variablane på ordnivå, slik at nivellering av eit trekk med nødvendigheit vil føre med seg nivellering av eit anna trekk. Eg vil vidare samanlikne utviklinga på dei to plassane slik dei manifesterer seg gjennom dei språklege variablane som er studerte.

5.5.3 Korrespondanseanalyse

I denne delen av analysen er målet å prøve å få eit meir overordna og heilskapleg bilete av det empiriske materialet ved å avdekkje samanhengane mellom dei ulike variabelkategoriane og ved å kartleggje korleis enkeltindivida plasserer seg i dette biletet (jf. kap. 9). Til dette føremålet vil eg ta i bruk korrespondanseanalyse – ein utforskande, multivariat statistisk analysemetode. Denne metoden har ikkje tidlegare vore brukt på noko norsk sosiolingvistisk materiale (og heller ikkje på noko anna sosiolingvistisk materiale, så vidt eg kjenner til).[59] Multivariate analysemetodar er likevel langt frå ukjende innafor sosiolingvistikken. Faktoranalyse, regresjonsanalyse, VARBRUL, prinsipal komponentanalyse osb. er blant dei multivariate statistiske analysemetodane som har vore mest brukte i sosiolingvistiske variasjons- og endringsstudiar (jf. t.d. Labov 1994, Bayley 2002, Horvarth 1985). Bakgrunnen for å bruke korrespondanseanalyse til fordel for desse andre analysemetodane er at denne metoden byr på ei rekkje moglegheiter både deskriptivt og teoretisk som ikkje finst på same måte innafor andre statistiske analysemetodar. I motsetnad til dei fleste andre multivariate

[59] Akselberg (1995) har, som nemnt under pkt. 5.2.4, mellom anna brukt ei Bourdieu-inspirert feltteoretisk tilnærming i granskinga av sosiolingvistiske tilhøve på Voss. Men han har ikkje brukt korrespondanseanalyse.

metodar forsøker korrespondanseanalysen å avdekkje det systemet av *relasjonar* som finst mellom ulike variabelkategoriar.[60] Korrespondanseanalysen er dessutan i stand til å handsame svært mange variablar i ein og same analyse (jf. kap. 9, pkt. 9.1.3). Dette er særleg interessant innafor sosiolingvistikken, fordi ein her ofte står overfor komplekse situasjonar, der mange variablar verkar samtidig.

Teoretisk sett opnar korrespondanseanalysen for fleire interessante innfallsvinklar som forhåpentleg vil syne seg relevante også for eit sosiolingvistisk studium av dialektnivellering. Analysemetoden opnar for det første for ei relasjonell tenking som harmonerer godt med Bourdieus relasjonistiske sosiologi, og metoden er kanskje aller best kjend gjennom Bourdieus analysar av det franske samfunnet (jf. t.d. Bourdieu 1995, meir om dette i kap. 9, pkt. 9.1.1). For Bourdieu eksisterer alle sosiale fenomen i eit system av relasjonar som dei hentar sine spesifikke eigenskapar, meiningar og verdiar frå. I korrespondanseanalysen er plasseringa av ein variabel, på liknande måte, gitt ut frå variabelen sin relasjon til alle dei andre variablane (for ein presentasjon av korrespondanseanalysen sjå kap. 9 pkt. 9.1.3 og 9.1.4). Dei relative avstandane mellom variablar seier såleis ikkje berre noko om ulikskap i fordeling av eigenskapar og ressursar, men i sosiologien til Bourdieu kan desse avstandane òg tolkast som *mentale* – nedfelte i habitus, og som *sosiale avstandar* (jf. Hovden 1997). Korrespondanse-analysen introduserer vidare eit element av "felttenking" i motsetnad til "punkttenking" (jf. Bourdieus feltomgrep, pkt. 5.2.4 ovafor). I staden for å vurdere tydinga av enkeltståande sosiale kategoriar opp mot dialektbruk, vil ein altså gjennom denne analysemetoden kunne sjå om det utkrystalliserar seg bestemte språklege og sosiale praksisfelt.

I sine analysar legg Bourdieu vekt på nødvendigheita av å gjere ein "objektivistisk rekonstruktion av systemet av relationer" (Broady 1991:479). Først etter at ein har gått gjennom eit slikt konstruksjonsarbeid, kan ein ifølgje Bourdieu kome fram til endelege tolkingar. Desse tolkingane kan somme tider ligge nær den intuisjonsmessige forståinga, men er likevel ikkje det same (jf. meir om emisk kontra etisk tilnærming, eller i Bourdieus termar,

[60] VARBRUL (eller GOLDVARB for Mac) den mest vanlege metoden for multivariat analyse innafor den kvantitative sosiolingvistikken (jf. Bayley 2002). Denne metoden har vist seg å vere eit kraftig og godt analytisk verktøy, men er likevel ikkje veleigna viss ein er interessert i relasjonen og interaksjonen mellom ulike variablar. Bayley (2002:134) seier: "[...] although VARBRUL can serve effectively to model variation among linguistic factors, it is not appropriate where interaction, either among non-linguistic factors, or between linguistic and non-linguistic factors, is a main focus of the study. In that case, a more general logistic regression model is

subjektivistisk kontra objektivistisk tilnærming, under pkt. 5.5.4 nedafor). Dei krava Bourdieu stiller til analysen, set klare krav til dei statistiske metodane som kan brukast. Dei statistiske teknikkane må for det første kunne bryte med dei spontane førestellingane, for det andre skal dei kunne konstruere system av relasjonar og for det tredje skal dei medverke til å danne nye hypotesar, som kan testast og fyllast ut ved hjelp av etnografisk observasjon og fenomenologisk tolking. Desse krava utelukkar statistiske metodar som er baserte på den realistiske førestellinga at forsking produserer avtrykk av røyndomen, og at data er ein gitt og objektiv storleik som det er forskinga si oppgåve å samle inn og presentere. Bourdieus krav utelukkar også statistiske teknikkar som utraderer systemet av relasjonar, t.d. ved å rykke laus korrelasjonar frå deira sosiale og kulturelle kontekst slik t.d. bivariat korrelasjonsanalyse kan stå i fare for å gjere. Korrespondanseanalysen derimot, oppfyller alle dei krava Bourdieu stiller til den statistiske analysemetoden.

Korrespondanseanalysen er ein induktiv og eksplorerande analysemetode som først og fremst er hypotese-genererande og ikkje hypotese-testande (jf. kap. 9, pkt. 9.1.2). Gjennom bruk av korrespondanseanalyse kan sosiolingvistikkens hypotesar konfronterast med data som gjeld eit mykje større og meir komplekst materiale enn dei samanhengane der desse hypotesane opphavleg vart konstruerte. Statistiske data frå ein korrespondanseanalyse kan dessutan vere hypotesedannande ved at nye relasjonar kan bli tydelege. Nye relasjonar som i utgangspunktet kan verke merkelege, kan likevel gi meining ved hjelp av supplerande etnografiske studium, ved å vise til den kulturelle konteksten og gjennom sosiolingvistisk teoretisk refleksjon.

Korrespondanseanalysen er ein kvantitativt basert analyseteknikk som er svært godt eigna til å kvantifisere *kvalitative* data. Den multivariate ambisjonen inneber at kvantitative data gjerne ikkje er tilstrekkelege, men bør supplerast med kvalitative data. Målet er å få fram så mykje informasjon som mogleg om eit gitt studieobjekt – kvantitative som kvalitative – for å skaffe seg eit mest mogleg mangesidig bilete av det fenomenet som blir studert. Ein klar fordel med korrespondanseanalysen er at kvalitative data held på sin kvalitative karakter gjennom heile analysen. Ein annan fordel er at denne analysemetoden tillet at dei ulike variablane held fram med å vere knytte til individa i materialet. Korrespondanseanalysen

---

preferable". Korrespondanseanalysen forsøker vel å merke ikkje å *kalkulere* variabelinteraksjon, men kartlegg systemet av relasjonar mellom variablane.

reduserer dessutan ikkje variablane til eit sett gjennomsnittsverdiar, slik mange andre statistiske metodar gjer, men synleggjer i staden veven av samverkande variablar.

5.5.4 Informantportrett

> The individual speaker is important in sociolinguistics in much the same way as the individual cell is important in biology: if we don't understand how the individual works, to that extent we shan't be able to understand how collections of individuals behave either. (Hudson 1980:12).

Medan dei to første delane av analysen vil vere mest kvantitativt orientert, trass i at korrespondanseanalysen også opnar for meir kvalitative problemstillingar og analysar, vil den siste delen av analysen vere mest kvalitativt orientert. Etter å ha sett på variantfordelinga og dei meir overordna mønstra i materialet, vil eg vende merksemda mot den enkelte språkbrukaren, mot individet (jf. kap. 10). Målet med korrespondanseanalysen er som nemnt å forsøke å kartleggje korleis ulike kombinasjonar av sosiale kategoriar oppfører seg i forhold til dei ulike språklege variablane. Men enkeltindivid er ofte meir samansette enn det som kan kome fram i slike meir overordna analysar. Derfor vil eg i denne delen av analysen presentere meir inngåande *portrett* av nokre av dei unge informantane. Dei utvalde informantane er vel å merke ikkje berre interessante som enkeltindivid, men også som representantar for visse *typar*. Dei er altså interessante ut over seg sjølve, og kan gi oss innsikt av meir allmenngyldig karakter. Informantportretta gir ansikt og stemme til allmenne problemstillingar og opnar for teoretisk drøftingar og spekulasjonar.

For å finne relevante forklaringar på dei variasjonsmønstra som avteiknar seg på Røros og Tynset, er det etter mi vurdering nødvendig å lytte til ungdomane sine eigne opplevingar og deira vurderingar og tolkingar av den språklege røyndomen dei lever i. Ideen med informantportretta er med andre ord å kome nærare enkeltindivida og deira tankar og refleksjonar kring eiga *livsverd*, for slik å få betre innsikt i kva for motivasjonar den enkelte kan ha for sine språkval.[61] Men folk sine direkte opplevingar og forklaringar er gjerne ikkje tilstrekkelege for

[61] Omgrepet "Lebenswelt" eller livsverd vart introdusert av Husserl, fenomenologiens grunnleggjar, og står sentralt i den fenomenologiske tenkinga. Vi lever alle, etter denne tenkinga, i ei livsverd som blir utgjort av oss alle i fellesskap og som formar oss på ulike måtar. Ifølgje Husserl (1976) er all menneskeleg verksemd *intensjonal*, dvs. at ho er retta mot *nokon* og dreier seg om *noko*. Kemp (1972:21) meiner at den husserlske fenomenologien best kan definerast ved "[…] at sige, at den er læren om tilværelsens umiddelbarhet". Akselberg

å kunne gi ei utfyllande forståing av motivasjonane bak dei språkvala dei gjer. Det enkelte menneske har ikkje nødvendigvis full oversikt over alle vesentlege aspekt ved eigne handlingar og motiv for handlingar. Ifølgje mellom andre Bourdieu (1994a, b) er det ikkje mogleg å unngå at folk vil fortrenge enkelte sider ved eigne praksisformer og motiva for desse. Dette skjer ikkje fordi folk ønskjer å føre seg sjølve eller andre bak lyset, men fordi ulike sosiale og strukturelle forhold alltid, om enn i ulik grad, vil vere verksame og kome til syne utan at dette er tydeleg for aktørane sjølve. Derfor er det viktig å nærme seg analysen av ungdomane sine opplevingar og tolkingar ikkje på ein naiv måte, men ved å prøve å rekonstruere dei meir skjulte aspekta ved praksisformene. Dette kan ein blant anna gjere ved å kartleggje og klarleggje dei sosiokulturelle, samfunnsstrukturelle og psykologiske faktorane som er med på å strukturere praksisformene.

Den overordna kunnskapsteoretiske forståingsramma som dannar utgangspunktet for denne delen av analysen, er Bourdieus *prakseologiske* teorikonstruksjon (jf. t.d. Bourdieu 1994a, Bourdieu & Wacquant 1995). Denne tilnærmingsmåten forsøker å sameine både ein emisk og ein etisk innfallsvinkel til studieobjektet.[62] Ein *emisk* innfallsvinkel vil seie at ein tek utgangspunkt i sjølvforståinga til dei sosiale aktørane som blir studerte, og prøver å ta deira perspektiv ("go native") – for å få del i deira kvardagsrøyndom eller livsverd, for å bruke den fenomenologiske termen. Ein såkalla *etisk* innfallsvinkel representerer derimot ein meir distansert og abstrakt teoretisk analyse av eit gitt materiale. I staden for det emiske "insider"-perspektivet tek forskaren snarare eit "outsider"-perspektiv. Mange forskarar vel å kombinere desse to perspektiva ut frå ein tanke om at ein både bør forstå samfunnsfenomen ut frå aktørane sine eigne premissar, men også sjå på meir overordna faktorar som kan forklare dei same fenomena som resultat av gjevne sosiale strukturar. Det vil seie at forskaren må pendle mellom to forklaringsnivå: eit subjektivt aktørnivå og eit meir objektivt nivå som trekkjer inn meir overordna forklaringsfaktorar. Denne tankegangen er særleg utvikla hos Bourdieu, som

---

(1995) bruker ei fenomenologisk tilnærming i analysen av språktilhøva på Voss. Ein av hypotesane hans er at "*den uformelle daglegtalen i ein kvardagsleg sosial kontekst blir styrt av korleis vi konstituerer kvardagsverda vår*" (jf. Akselberg 1995:28).

[62] Omgrepsparet *emisk–etisk* blei først introdusert av lingvisten og antropologen Kenneth Pike (1967), og kan seiast å vere to ulike innfallsvinklar til studiet av samfunnsmessige fenomen, eller eventuelt ulike analytiske nivå i ein forskingsprosess (jf. også Headland m.fl. 1990).

foreslår at ein bør kombinere ein *sosialfenomenologi* med ein *sosialfysikk* (jf. Bourdieu & Wacquant 1995).[63]

Ifølgje Bourdieu finst det tre former for vitskapleg kunnskap kring menneskets sosiale praksisar eller praksisformer: den fenomenologiske, den objektivistiske og den prakseologiske (jf. Bourdieu 1994a). Den prakseologiske kunnskapsforma representerer eit forsøk på å sameine og kombinere ein fenomenologisk og ein objektivistisk dimensjon, samtidig som den tek med seg ein tredje dimensjon, nemleg den *praktiske* dimensjonen. Den prakseologiske kunnskapsforma ønskjer på fenomenologisk, eller emisk, vis å ta med seg dei sosiale aktørane sine primære opplevingar og erfaringar av eigne haldningar og handlingar, og ved hjelp av ein objektiverande, eller etisk, innfallsvinkel, å rekonstruere det nettverket av faktorar som ligg bak og strukturerer praksisformene. Ein prakseologisk tilnærmingsmåte inneber dermed eit forsøk på å overskride den klassiske motsetnaden mellom subjektivisme og objektivisme, mellom emiske og etiske tilnærmingsmåtar, mellom fenomenologi og positivisme og mellom kvalitative og kvantitative vitskapsideal.

I informantportretta vil eg etter ideala for ein prakseologisk tilnærmingsmåte analysere og diskutere dei utvalde respondentane sine synspunkt og vurderingar opp mot meir allmenne teoretiske forståingsrammer. Her vil dei ulike teoriane kring identitet, nettverk, tilpassing, stadstilhørsle osb. bli trekte fram i eit forsøk på å kaste lys over det informantane seier. Innsiktene frå korrespondanseanalysen om det systemet av relasjonar som eksisterer mellom ulike variabelkategoriar og dei sosiale praksisfelta som eventuelt trer fram, vil også danne ein viktig bakgrunn for denne delen av analysen.

[63] Innafor "subjektivismen" følgjer Bourdieu snarare den etnometodologiske konstruktivismen representert bl.a. ved sosiologar som Aaron Cicourel, meir enn den husserlske fenomenologien slik den står fram bl.a. hos den kjende tyske sosiologen Alfred Schütz. Bourdieu kallar sitt eige arbeid for *konstruktivistisk strukturalisme* (jf. Bourdieu 1994b:52). Strukturalisme må her vel å merke ikkje forståast i saussursk meining. Med strukturalisme meiner Bourdieu at det i den sosiale verda – og ikkje berre i symbolske system som t.d. språk – eksisterer *objektive* strukturar uavhengig av medvitet og ønska til dei sosiale agentane. Desse objektive strukturane er det opp til forskaren å finne fram til. Korrespondanseanalysen er, som diskutert i pkt. 5.5.3 ovafor, ein metode som har som mål å kome fram til ein slik objektivistisk rekonstruksjon av systemet av relasjonar.